



Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde

Registrering av kulturlandskap, selbøar, bygningar og bygningsrestar.



**FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE**

Rapport nr. 4-2011

ISBN 978-82-92777-24-4


ISSN 0803-1886



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for oppgåver knytt til helse- og sosialområdet, kommunal forvaltning, samfunnstryggleik, miljøvern, barn og familie, landbruk, utdanning og barnehage. Vi er om lag 120 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 64 30 00 – Telefaks 57 65 33 02
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00 – Telefaks 57 82 17 77
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: fmsfpost@fylkesmannen.no Internett: <http://www.fmsf.no>
<http://sognogfjordane.miljostatus.no>

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Rapport nr. 4-2011

Forfatter Mons Kvamme Sebastian Eiter Kerstin Potthoff Nils Kvamme	Dato November 2011
Prosjektansvarleg Tom Dybwad	Sidetal 209
Tittel Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde. Registrering av kulturlandskap, selbøar, bygningar og bygningsrestar.	<i>ISBN 978-82-92777-24-4</i> <i>ISSN 0803-1886</i>
Geografisk område Stølsheimen landskapsvernområde	Fagområde Kulturlandskap, botanikk, byggningsvern, naturvern, geologi m.fl.
Finansiering Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
Samandrag Stølsdrifta pregar i stor grad landskapet i Stølsheimen landskapsvernområde. Det gjeld bygningar, selbøane med hard beiting, og vide område med lågare beitetrykk. Rapporten omhandlar registreringar frå alle kjende stølar og stølsliknande lokalitetar innan landskapsvernområdet i Stølsheimen, til saman 56 lokalitetar. For kvar støl er registrert fakta (høgde over havet, areal, eigarskap, m.m.), omtale av vegetasjon, tilstand og særskilde kvalitetar med framlegg til tiltak. Alle bygningar og bygningsrestar på og ved stølsområda er dokumenterte. På 24 av stølane vart det på 1970-talet gjennomført ei bygningsregistrering (Fylkeskommunen i Hordaland 1979), og alle bilete frå denne rapporten er tekne om att i 2009 med same biletutsnitt. Fleire stader vart det òg registrert tufter som kan vera frå førhistorisk tid, dvs. eldre enn reformasjonen.	
Emneord 1. Kulturlandskap 2. Botanikk 3. Naturvern 4. Bygningsvern	Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Framsidedfoto:

Frå stølen Fitjebotn i Ortnevik, fjellstølen til gardsbruka på Fitje. Frå venstre prosjektleiar Mons Kvamme og lokal informant Lasse Brekke. Foto: Nils Kvamme

Baksidedfoto:

Frå stølen Vatnane i Arnafjord. Foto: Tom Dybwad

Føreord

Stølsheimen Landskapsvernområde utgjer ein sentral del av fjellheimen vest for Vikafjellet. Dette fjellområdet var i lang tid viktig for stølsdrifta til dei mange gardane i området, særleg på sørsida av Sognefjorden. Dei fleste gardsbruka hadde avgrensa tilgang på ressursar nær garden, medan det var rikeleg med beite i fjellet. Det var difor viktig å halda dyra i utmarka og oppe på fjellet så lenge som råd var i beitesesongen, slik at så mykje som mogeleg av produksjonen på innmark, slåtteteigar og hagemark nær garden kunne nyttast som vinterfôr.

Stølsdrifta var ein måte å organisera bruken av utmarks- og fjellbeita så effektivt som mogeleg. Ettersom gardane oftast hadde større tilgang på beiteressursar om sommaren enn fôrressursar om vinteren, seier det seg sjølv at den var enormt viktig for det økonomiske utkome på gardane. ***Med stølsdrift meiner vi her at husdyra vart haldne på eit område i utmarka/fjellet med husvære og produksjonslokale, at det budde folk på stølen som hadde tilsyn med og mjølka dyra.*** Vanlegvis vart mjølka nytta på stølen til å laga smør, ost og andre meieriprodukt. Berre unntaksvi vart den frakta ned til garden, hvis det var stutt veg heim frå stølen.

Det var vanlegvis kvinner som stelte på stølen. Som oftast stølte fleire bruk i lag, og dei hadde ei budeie kvar på stølen. Resten av huslyden måtte halda seg heime på garden for å hjelpa til med slått. Budeiene kunne vera jenter som nett var konfirmerte, vaksne mødre som gjerne hadde med seg born, eller eldre kvinner som hadde vore på stølen eit langt liv og sytte føre at dei lokale produksjons- og handtverkstradisjonane vart ført vidare. I dei seinare åra medan stølane enno var i aktiv bruk var det helst dei eldre kvinnene som heldt liv i tradisjonane knytte til stølsdrifta. Arbeidet på stølane er ei viktig og lite påakta del av norsk kvinnesoge.

Vi veit lite om kor gamle stølane i Stølsheimen kan vera. Men ut frå kunnskap om andre fjellområde i Sogn, og frå undersøkingar like utanfor landskapsvernområdet, er det grunn til å rekna med at nokre av stølane kan vera bortimot to tusen år gamle. Eigarskap, driftsform og bruksrett kan ha skifta over so lang tid, men bruken av desse fjellressursane har i alle høve sær gamle røter i dette landskapet. Stølane er dermed viktige for kulturhistoria til dei ulike bygdelaga som grensar inn mot Stølsheimen. Under feltarbeidet vart det sett etter tufter, og fleire av dei som vart påviste kan vera av forhistorisk karakter (eldre enn år 1500). Ettersom det ikkje var føremålet med denne registreringa å leita opp forhistoriske kulturminne, kunne det ikkje nyttast særleg mykje tid på dette. Det er difor all grunn til å rekna med at det ligg fleire forhistoriske tufter i landskapsvernområdet som ikkje er påvist til no.

Stølsdrifta skapte eit særmerkt kulturlandskap. Det omfatta bygningar, selbøen med mykje tråkk og hardt beite, og vidfemnande område med lågare beitetrykk, men kor beitinga likevel synte tydeleg att i vegetasjonen og dermed sette eit preg på heile landskapet. På grunn av skilnad i beitetrykk og gjødseltilgang vart det som oftast eit tydeleg skilje mellom selbøen og vegetasjonen kring denne. Fleire stader i landet var gjerne selbøen inngjerda og nytta til slått. Bygningane låg då i utkanten av selbøen. I Stølsheimen er det ikkje tradisjonar kring slåttestøling. Truleg var avstanden heim til gardane for stor til at det var rekningsvarande å frakta høyet so langt.

Utøver på 1900-talet kom det nye driftsmåtar i landbruket, og stølsdrifta vart mindre viktig for økonomien til gardane. Bruken av stølsområda vart forenkla, og i Stølsheimen vart stølsdrift i tradisjonell tyding avvikla på fleire av stølane alt i mellomkrigstida. Under krigsåra 1940-1945 vart stølsdrifta teken opp att på mange stølar, men i ti-åra etter krigen var det jamnt over slutt. I landskapsvernområdet vart stølsdrifta lengst halden oppe i Åsedalen og på Hallsetstølen, der det var aktiv drift fram til 1972.

Sjølv om den tradisjonelle stølsdrifta tok slutt, vart gjerne stølen nytta vidare som beite for ungdyr, og bygningane i samband med andre gjeremål i fjellet eller til fritidsbruk. Det er framleis merkbar interesse for stølane, sjølv på gardar der driften er lagd ned og eigarane bur på andre kantar av landet. Denne interessa knyt seg særleg til bygningane, og fleire stader er det gjort ein stor innsats for å ta vare på desse.

Trass i uttalt interesse for stølane i Stølsheimen, ikkje minst i samband med marknadsføring av tur- og reiselivsopplevingar, er det i dag store utfordringar knytt til utviklinga av landskapet i stølsområda. Etter kvart som stølsdrifta vart avvikla, vart mange stølar framleis beita både av sau, geit og storfé som ikkje skulle mjølkast. Omfanget av denne beitinga har variert mykje, avhengig av kor tilgjengeleg stølen var, kvalitet på beita og kor mykje drift det var på sjølv garden. I alle høve førte dette til endringar i beitemønster og redusert uttak av ressursar (til dømes ved). Dette har sett synlege spor etter seg i vegetasjonen både på selbøane og ellers i landskapet. Lågare beitetrykk fører til dømes til at grasmark vert lyngkledd, open skog vert tettare, opne område gror att med krattskog og skoggrensa kryp høgare til fjells.

Når det gjeld selbøane fekk det merkbare følgjer for vegetasjonen at dyra ikkje lengre skulle samlast her for mjølkning to gongar i døgret. Så lenge stølane var i full drift, kunne dette føre til stor slitasje på vegetasjonen og gje erosjon somme stader. Men samstundes vart jordsmonnet på selbøane som regel mykje meir næringsrikt enn ellers, særleg når det gjeld nitrogen, på grunn av all møkka frå husdyra. Når den intensive bruken som stølsdrifta medførte tok slutt, kunne utviklinga gå i fleire retningar. Der beitinga brått forsvann heilt, har vi sett døme på at det har vakse opp tett, jamngamal bjørkeskog på selbøen som er tettare enn i omgjevnadene. Meir vanleg var det at beitinga heldt fram og avtok gradvis. Grasvoksteren på selbøen var mykje kraftigare enn ellers i utmarka, både på grunn av jordsmonnet og avdi dei ofte låg slik til at dei vart tidleg snøfrie. Samstundes ga det næringsrike jordsmonnet grobunn for ymse ugras, som ofte kunne ta heilt over på heile eller deler av bøen. Brennenesle er eit døme på ein art som kunne setja sitt preg på selbøen i lang tid etter at stølsdrifta tok slutt. Ein annan art som lett kjem inn på dei lågareliggjande selbøane er bringebær.

Mange selbøar er i dag dominert av sølvbunke. Dette graset er særskild konkurransesterkt på godt jordsmonn og fortrengrer dei fleste andre planteslag. Det produserar eit tett bladverk og stive aks, og det er berre hest og i noko mon ku som klarar å beita det ned. Sau vil berre beita den tildleg på sommaren, før dyra normalt er slepne til fjells. Med avtagande beitetrykk tek difor sølvbunka heilt over dominansen på selbøane. Denne vegetasjonstypen kan halda seg over fleire tiår tilsynelatande uendra, og det er lett å tru at den er stabil. Men utan slått eller beite vil sølvbunken over tid utvikla ein kraftig tuestruktur som gjer det vanskeleg å ta seg fram på bøen. Samstundes vil det hopa seg opp med organisk materiale som ikkje vert fjerna eller råtnar tilfredsstillande. Dette vil før eller seinare føra til vegetasjonsendringar i retning av forsumping og myrutvikling eller attgroing med m.a. bringebærkratt. Dette er eit tiltakande problem mange stader i Stølsheimen i dag.

Stølsdrifta sette sitt preg på Stølsheimen i mange hundre år. Den skapte eit kulturlandskap som framleis er grunnlaget for mange av dei naturkvalitetane vi finn her i dag. Men dette er eit dynamisk landskap som er avhengig av beite og drift. Etter kvart som stølsdrifta vart avvikla starta ulike endringsprosessar i vegetasjonen både på og rundt selbøane. Omfanget på vegetasjonsendringane var mykje avhengig av kor høgt beitetrykk det framleis var i området, høgd over havet, berggrunn, lokalklima m.m. Med den kraftige nedgangen i beitetrykket som har vore i området dei siste 10-20 åra, har mange slike endringsprosessar skote fart. Dette er bakgrunnen for at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og SNO ba om ein oversikt og vurdering av vegetasjon og attgroing på selbøane i landskapsvernområdet.

Rapporten omhandlar registreringar frå alle kjende stølar og stølsliknande lokalitetar innan landskapsvernområdet i Stølsheimen. Til saman utgjer dette no 56 lokalitetar. Dette er nesten dobbelt så mange som ein trudde då arbeidet starta. Feltarbeidet vart utført i juli og august 2009. Føremålet var å vurdere vegetasjonen på selbøane i høve til beite, endringsprosessar og attgroing, og å gje framlegg om avbøtande, praktiske tiltak der det er turvande. Noko fullstendig botanisk registrering er det ikkje snakk om, til det var tida for knapp, og det var heller ikkje føremålet med dette arbeidet. Det vart derimot lagt vekt på å vurdere kulturlandskapet og dei kulturavhengige kvalitetane på den einskilde selbø. Avgrensinga til kvar selbø vart definert og målt opp med GPS. Desse registreringane har gjeve grunnlag for utteikning av detaljkart.

I rapporten er stølane omtalt i alfabetisk rekkjefylgje for at det skal vera lett å henta fram opplysningar om ein einskild støl. Framstillinga følgjer eit fast mønster:

- Først kjem eit minimum av fakta, t.d. høgd over havet, areal på selbøen, eigarskap, m.m.
- Ein kort omtale av vegetasjonen kor berre dei dominerande og vanlegaste artane er tekne med.
- Ei vurdering av tilstanden til selbøen i høve til beitetrykk m.m. Her vert det og gjort greie for om vegetasjonen ser ut til å vera i endring og om det er spor som tyder på at selbøen har hatt større utbreiing tidlegare.
- Ein omtale av særskilde kvalitetar og verdiar på den einskilde støl i høve til oppleving, kunnskap, mangfald og variasjon i landskapet. Samspel og skilnad frå kringliggjande landskap er òg eit tema her.
- Framlegg til praktiske tiltak der det er turvande. Dette kan vera avbøtande tiltak der det er fare for at kvalitetar går tapt, eller det kan vera stimulerande tiltak for å halda oppe ei positiv utvikling.

I samband med denne registreringa vart òg alle bygningar og bygningsrestar på og ved stølsområda dokumenterte. På 24 av stølane vart det på 1970-talet gjennomført ei bygningsregistrering (FkH 1979). Alle bilete frå denne rapporten er tekne om att i 2009 med same biletutsnitt. Dette vart gjort for å synleggjera endringar og utviklingstrekk på dei einskilde stølane. Omtalen av bygningsregistreringa kjem etter presentasjonen av selbøen på den einskilde støl. Samtlege hus og tufter er koordinatfesta med GPS.

Fleire stader vart det òg registrert tufter som kan vera frå førhistorisk tid, dvs. eldre enn reformasjonen. Etter kulturminnelova er dei automatisk freda og kan berre undersøkast av arkeologar med løyve frå kulturminneforvaltinga. Der vi fann slike er dei tekne med i rapporten, til dømes lokalitet 54. Truleg ligg det langt fleire slike tufter i landskapsvernområdet. Det er trong for ei systematisk arkeologisk registrering for å få oversikt over dette funnmaterialet.

Arbeidet med rapporten

Denne rapporten er den fyrste komplette samlinga av opplysningar kring spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde (S Ivo) og kom i stand etter ynskje fremja av naturoppsynet (SNO) overfor forvaltninga (fylkesmannen). Ei viktig oppgåve for naturoppsynet er å ta vare på og fremja verneverdiane i det aktuelle verneområdet.



Hensikten med rapporten er å skaffa til rette kunnskap om kulturminne og kulturlandskap, som grunnlag for ein fagmessig riktig og effektiv plan for ivaretaking av desse verdiane. Frå opprettinga av S Ivo i 1990 har skjøtselsarbeid vore utført utan overordna plan.



Oppdraget vart utført av Mons Kvamme (prosjektleder og fagleg ansvarleg vegetasjon/historie), Sebastian Eiter/Skog & Landskap (registrering av bygningar), Kerstin Potthoff/UiB (registrering av vegetasjon) og Nils Kvamme/SNO (kjentmann

og sekretær).





Det meste av feltarbeidet vart utført i løpet av ti hektiske dagar midt i juli 2009 og ei veke i august same året. For å

komplettera mest mogleg vart det gjort registreringar både i 2010 og 2011. Arbeidet med rapporten tok ei vesentleg vending undervegs frå planen om å omtala berre dei 35-40 kjende og "viktige" lokalitetar, til å bli ein mest mogleg total oversikt over spor etter beitedrift i området, til no 56 lokalitetar. Dette har i ettertid synt seg som verdifullt for å få ei betre forståing av utnyttinga av området til beite.



Kvar lokalitet er registrert med bilete (oversikt og evt detalj), oppstilling av dei viktigaste vegetasjonsslagane og utvikling av det totale vegetasjonsbiletet. Der det framleis er tydelege spor etter eit kjerneområde med intensiv beiting kring lokaliteten er dette kartlagt med GPS, for at endringar i vegetasjonen over tid kan dokumenterast. Til slutt blir det gjort ei verdivurdering av lokaliteten og evt framlegg til restaurerings- og skjøtselstiltak.




Eit svært viktig hjelpemiddel i registreringsarbeidet var rapporten "Stølar i Stølsheimen" (Hordaland fylkeskommune, 1977) som syner bygningsmiljøet på fleire av lokalitetane. Bileta i den rapporten er re-fotografert og samanstillt med nye i dagens rapport og viser på ein god måte endringane i vegetasjonen og ofte, -diverre, forfallet i bygningsmassen.

Denne rapporten er meint som eit verktøy i vidare arbeid med planlegging og gjennomføring av restaurering/skjøtsel av kulturminne og -landskap.

Innhald

1. Alrekstølen	s 14	30. Negardstølen	s 118
2. Asbjørgdalen	s 21	31. Rappen	s 124
3. Attaste Fjærestadhola	s 24	32. Raudbergdalen	s 128
4. Beitelen	s 25	33. Regndalen	s 133
5. Bjørkestølen	s 30	34. Rosete	s 134
6. Botnadalen	s 34	35. Rotteskaret	s 139
7. Brydalen	s 39	36. Skjemmedalen	s 144
8. Dunevollen	s 43	37. Skjervheims-Grøndalen	s 148
9. Fagerdalen	s 48	38. Smørklepp	s 154
10. Fidnaselbøen	s 53	39. Solrenningane	s 161
11. Finnbuene	s 53	40. Sylvarnesdalen	s 168
12. Fitjebotn	s 57	41. Søtebakkane tuft	s 173
13. Fodnestølen	s 61	42. Tausavollen	s 174
14. Fossesete	s 65	43. Torvaldsreset	s 175
15. Frikstølen	s 69	44. Torvedalen	s 176
16. Furedalen	s 70	45. Tuftene	s 180
17. Hallsetstølen	s 72	46. Vatnane	s 181
18. Hanekamstølen	s 79	47. Vindhalsen	s 187
19. Hedlestølen	s 84	48. Vindheim	s 191
20. Heimestølen Stavedal	s 88	49. Vårstølen Geithus	s 194
21. Hest	s 92	50. Ytstestølen Geithus	s 195
22. Hestfjellet	s 98	51. Øvstestølen Indrefjord	s 200
23. Hustavenesstølen	s 102	52. Øvstestølen Vollevik	s 202
24. Johalsen	s 106	53. Øvste Sylvarnesdalen	s 204
25. Karituften Torvedalen	s 107	54. Åkreviktuftene	s 205
26. Kyreskora	s 108	55. Åsedalen	s 207
27. Mørkves-Grøndalen	s 109	56. Åsehidleren	s 213
28. Nedste Raudbergdalen	s 112	Litteraturliste	s 217
29. Nedste Torvedalen	s 113		



Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde

Registrering av kulturlandskap, selbøar, bygningar
og bygningsrestar på 56 stølar

1. Alrekstølen.

Alrekstølen ligg på ei stor flate ved elva midt i Vøvringedalen, omlag 695 m o.h. Det var fjellstølen for gardane Alrek og Vetlesand på sørsida av Sognefjorden. Stølsdrifta vart nedlagt i 1936, og området har seinare vore beita i varierende omfang (sjå Solrenningane). Dei siste 6-8 åra har det ikkje vore nemneverdig beiting på Alrekstølen. Selbøen er på 10 daa og hellar svakt mot nordvest. Den strekkjer seg heilt ned til elva og er ellers avgrensa av myrdrag og lyngklede koller i overkant. Her ligg det 6 bygningar som er sette i god stand, og det er påvist 4 tufter på og ved selbøen.



Alrekstølen 1975.

Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune.



Same utsnitt i 2009.

Foto: S. Eiter, Skog og landskap.



Oversyn 2008.

Foto: N. Kvamme

Under:

GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Vegetasjon.

Selbøen har kraftig grasvokster, og nesten over alt er det sølvbunke som dominerar. Andre tydelege grasarter er gulaks, smyle og timotei. På ein ny jordhaug ved det eine selet veks det skogrøyrkvein. På sjølve bøen veks det ein del engsyre og ellers m.a. grasstjerneblom, tepperot, gullris og føllblom. I fuktige parti er det mykje oppslag av vierkratt, og ellers finst her slåttestorr og myrfiol. På tørre rabbar og haugar inne på





selbøen har lyngartar etablert seg, først og framst krekling og blåbær. Slike stader veks det òg ein del fjellburkne, like eins langs etter elva, ved steinar og liknande veksestader. Det er mykje oppslag av ung bjørkeskog kring kantane av selbøen og særleg i bakkane over stølen og på andre sida av elva.

Framvekst av vier og lyngartar inne på selbøen.

Foto: M. Kvamme

Tilstand og endringsprosessar:

Sølvbunken har teke fullstendig overhand på selbøen med til dels sterk tuedanning. Sjølv om slik sølvbunkemark kan halda seg tilnærma uendra over fleire ti-år, vil den etter kvart endra karakter og verta overgrodd av andre artar. Ettersom det ikkje vert beita, vert det kvart år liggjande att mykje dautt organisk materiale på selbøen. Saman med den kraftige tuedanninga vil dette over tid kunne endra bakkestrukturen. På sikt vil det komma oppslag av høgvaksne urter, buskas og tre. Til dels kan òg grunnen verta forsumpa med utvikling av fuktvegetasjon, med til dømes meir vierkratt som alt breier seg innerter selbøen. På tørre rabbar i utkanten av selbøen har det kome opp litt einer, og i liane omkring stølen og på andre sida av elva spreier bjørkeskogen seg og er i ferd med gje landskapet ein annan karakter.



Selbøen er dominert av sølvbunke. Foto: M. Kvamme.

Verdivurdering.

Alrekstølen var tidlegare del av eit utprega beitelandskap som strakte seg langt utanfor selbøen. Stølen utgjør framleis eit tydeleg og særprega landskapselement i dalføret med velhaldne sel og ein klart definert

og stor selbø. Den framstår med stor kulturhistorisk verdi og er viktig for opplevingainga av korleis beiteressursane i dette landskapet har vore nytta. Mange fotturistar har glede av desse kvalitetane kvart år ettersom det går ei DNT-rute forbi stølen.

Framlegg til tiltak.

Like viktig som at sela vert haldne ved like er det at særpreget til selbøen vert teken vare på. Dette gjer ein best ved at beitet vert teke opp att, men uansett må ein først få kontroll med sølvbunken. For å stogga dagens utvikling lyt heile selbøen slåast med ryddesag midtsumars, like etter at graset har kome i blom. Tuene lyt kuttast så langt nede som mogeleg, og alt graset må fjernast. Likeeins er det viktig at bregnene vert slegne. Mindre parti kring sela vert slege i dag med godt resultat. Det vil òg vera god hjelp i å svi av daudgraset tidleg på våren. Dette må sjølvsagt gjerast med stor varsemd. Det beste ville vera å nytta

selbøen til hestebeite i ein periode. Hest er det mest effektive husdyrslaget når det gjeld å fjerna sølvbunke. Oppslaga av vier og andre buskar (t.d. einer) lyt kappast med sag. Det er viktig at òg populasjonane med skogrøyrkvein vert slege til liks med resten av bøen før det veks opp meir uønska artar i desse jordhaugane.



*Verknad frå slått av sølvbunke att med sela.
Foto: M. Kvamme*



*Landskapet ved Alrekstølen på 1920-talet.
Fotokjelde:
Fylkesarkivet Sogn og Fjordane.*



*Stølsliv på Alrekstølen i 1935.
Fotokjelde: Fylkesarkivet Sogn
og Fjordane.*

Alrekstølen - bygningar

Det ble registrert seks bygninger i god tilstand, en ruin og tre eller fire tufter. Fem av bygningene som er i god tilstand i dag identifiseres i fylkeskonservatorens rapport som tre sel, et fjøs og en bygning som kombinerer begge funksjoner. Veggkonstruksjonen på alle er av stein uten kledning, i ett tilfelle kombinert med stavkonstruksjon eller reisverk og stående panel på utselet. Alle veggene er umalte. Takene er dekt med torv. Den sjettede bygningen er en utedo, kledd med stående panel og metallplater. Taket er også av metall.

En tuft ligger på selve selbøen. Den er kraftig tilgrodd og ble i fylkeskonservatorens rapport sagt å være etter et sel. En ruin etter en bygning i stein ligger i forlengelsen av et sel. To tufter ligger på den andre siden av elven, dvs. vest for selbøen. Disse tuftene er også helt overgrodd. På en grusrygg SV for selbøen er det en grop i bakken som kan være en tuft.

Ift. registreringer i 1975 er alle de fem bygningene i god tilstand blitt restaurerte. Alle har preg av overnattingssteder for fritidsbruk, inkl. det som tidligere ble identifisert som fjøs. Torv som takmateriale har erstattet bølgeblekk. Utedoen og tuftene utenfor dagens selbø blir ikke nevnt i den rapporten.







Tuftene på andre side av elva.



Grop i sandrygg SV for selbøen.

2. Asbjørgdalen.

Asbjørgstølen ligg omlag 5-600 m aust for Stora Grøndalsvatnet på ein nord-syd gåande rygg, 850 m o.h. Den var fjellstøl for nokre av bruka på Sundve, men vart lite nytta i nyare tid. Truleg tok stølsdrifta slutt før 1940. Selbøen ligg oppå den tørre ryggen og utgjer 3,5 daa. Den er avgrensa av myrdrag på begge sider, elva i nedkant og lyngmark opp mot fjellsida. Her ligg det tufter etter to bygningar.



*Oversynsbilete 2009.
Foto: N. Kvamme*

Vegetasjon.

Vegetasjonen på selbøen er samansett av lyng og gras. Dei vanlegaste grasartane er smyle, gulaks og sølvbunke. Lyngartane er blåbær, røsslyng, blokkebær og krekling. Innimellom lyngartane veks det òg krypande einer. Andre vanlege artar på bøen er m.a. engkvein, finnskjegg, fjelltimotei, fjellmarikåpe, engsyre, tepperot, blåklukke, ryllik, engfrytle og svever. I dei fuktige randsonene mot myrdraga veks m.a. duskull, trådsiv, slåttestorr og seterstor.



*Vegetasjon med lyng,
urter og gras.
Foto: M. Kvamme*



GPS - basert kartutsnitt over selbøen.

Tilstand og endringsprosessar:

Det er berre tilfeldig beite på selbøen i dag. Selbøen ser ut til å ha vore mykje meir grasdominert tidlegare, men manglande beite gjer at lyng og einer no er i ferd

med å taka over. Likeeins er det oppslag av bjørkekratt og vier i liene kring stølen. Hvis det ikkje vert meir beite i området, vil det på sikt ikkje vera nemnande skilnad mellom vegetasjonen på selbøen og i områda kring.

Verdivurdering.

Selbøen skil seg framleis tydeleg frå resten av vegetasjonen i dalen. Den utgjer eit landskapselement som på ein lettfatteleg måte syner korleis tidlegare tiders ressursbruk framleis bidreg til variasjon og mangfald i dette fjellområdet.

Framlegg til tiltak.

Selbøen er no for lite beita og vil på sikt verta overgrodd med lyng og einer. Skal den oppretthaldast i framtida lyt ein sleppa fleire dyr på beite i området, gjerne i kombinasjon med saltstein på selbøen.



Lyng tek over for gras på selbøen.

Foto: M. Kvamme

Asbjørgdalen - bygningar

Det ble registrert en mur/ruin og en tuft. Muren er godt synlig og noe tremateriale ligger i nærheten. Tuften er mindre godt synlig.



3. Attaste Fjærestadhola.

Dette er ymse restar etter steinkonstruksjonar med m.a. ei tuft på sørsida av Lars-Ola vatnet i Sendedalen. Det er ikkje påvist noko selbø eller spor etter tidlegare bruk ved tufta.



*Tuft sett frå nord.
Foto: N. Kvamme*



*Tuft sett frå sør.
Foto: N. Kvamme*

4. Beitelen.

Beitelen er namnet på eit framspring i dei stupbratte fjellssidene mellom Fretheim og Belhagen i Arnafjorden. Øvst på dette framspringet ligg ei skrånande flate med fall mot NØ, og her har det vore stølsdrift frå gammalt. I følge munnleg tradisjon var det fast busetnad her oppe i tida kring Svartedauen. I mellomkrigsåra var Beitelen nytta som geitestøl fram til 1936. Etter den tid vart den gamle selbøen slått,



Beitelen utgjer eit særmerkt landskapselement innerst i Arnafjorden.

Foto: M. Kvamme

og under siste krig var det mykje vedhogst her oppe. Det er bruk på Fretheim og Nese som i dag har rettar på Beitelen. I dag vert området mest nytta av hjort, men her er og tilfeldig beite av sau, særleg om hausten. Om lag midt på flata ligg restane etter eit stølshus, truleg reist kring midten av 1800-talet 540 moh. Det vart sist sett i stand i 1930. Området med tydeleg kulturpåverknad utgjer 6,7 daa.



Det er i dag berre ei mindre opning i krontaket der stølen låg. Noko eigentleg selbø er dette ikkje.

Foto: M. Kvamme



GPS-basert kartutsnitt over det området kor den tidlegare kulturpåverknaden kjem best fram.

Vegetasjon.

På mesteparten av flata finn ein i dag eit særprega kulturlandskap. Storvaksen skog med or og bjørk har ei utforming som kan minna noko om galleriskog. På bakken veks det frisk grasvegetasjon dominert av bergrøyrkvein, sølvbunke og gulaks. Ulike urter som engsolei, engsyre, og enghumbleblom er vanlege arter, i fuktige parti også harerug og ulike storrartar. Det er uråd å avgrensa ein tydeleg selbø, men vi har likevel markert eit område kor den tidlegare kulturpåverknaden kjem best fram. I grasmarka er det

spreidde oppslag av myrtistel, vierkratt og smørtelg. I eit område nedanfor tuften etter stølshuset er bjørkeskogen mindre og mykje meir tettvaksen.



Kraftig grasvokster set sitt preg på den opne del av flata.

Foto: M. Kvamme

Murane etter stølshuset mai 2011. Legg merke til at skogen veks tettare att med bygningsrestane.

Foto: N. Kvamme.



Tilstand og endringsprosesser.

Sjølv om heile flata er skogkledd, har vegetasjonen eit ope preg endå det knapt er spor etter husdyrbeite. Den tid her var geitestøl og seinare slått og vedhogst, har nok landskapet vore mykje opnare. Det at skogen er tettare attmed tuften er ei form for attgroing vi har sett på fleire geitestølar og er nærare omtalt under Furedalen.

Den galleriliknande strukturen på skogen har truleg oppstått som følgje av den seinaste ressursbruken med slått og vedhogst, sjølv om denne tok slutt for meir enn 60 år sidan. Det er tydelege teikn på at hjorten nyttar området i stor grad, og saman med noko sauebeite om hausten kan dette ha medverka til å halda strukturen ved like. Oppslag av bregne, vierkratt og myrtistel tyder på at dette på litt sikt ikkje er tilstrekkeleg til å oppretthalda dette særprega kulturlandskapet.

*Skogen på Beitelen har til
dels tydeleg galleripreg.
Foto: M. Kvamme*



*Vårstemning på Beitelen mai 2011.
Foto: N. Kvamme*

Verdivurdering.

Det mest verdfulle med kulturlandskapet på Beitelen er ikkje knytt til sjølve stølsdrifta, men til korleis vegetasjonen avspeglar heilskapen i den tidlegare ressursbruken her oppe. Skogen minner til dels om dei austnorske og mellomsvenske lauvengene kor både trea og enga vart nytta på same areal. På Vestlandet har vi lite av dette med unnatak av bratte lauvskogslier (som t.d. ved Heimestølen i Stavedalen). Å finna ei stor flate som dette med slik skog er sjeldan på Vestlandet.

Problemet med Beitelen er tilkomsten. Den einaste sikre tilkomsten er ein bratt sti ned frå høgfjellet. Å ta seg fram mellom låglandet og den tidlegare stølen er risikofylt og kan berre gjerast i følgje med kjentmann. Vanskeleg tilkomst påverkar ikkje verdiane på staden i seg sjølv, men gjer sitt til at nær ingen får oppleve kvalitetane i landskapet her oppe.

Framlegg til tiltak.

Lauvengstrukturen i skogen på Beitelen kan haldast ved like med enkle tiltak. Det er ei overkommeleg oppgåve å rydda bort oppslaga med bregne og kratt. Det sentrale grasområdet lyt slåast med ryddesag, og nokre greiner kuttast av dei større trea. Det vil vera nok å slå annakvart år. Dette lyt gjerast før tistelen rekk å frøa seg. Gras og kvister må fjernast frå dei områda som vert handsama. Med lettare tilkomst hadde dette vore realistiske tiltak, men slik tilhøva er på Beitelen er det vanskeleg å tilrå.

Beitelen - bygningar

Det ble registrert en tuft etter et sel. Bl.a. rester av ovnen og "kjeleringen" ligger igjen. Tuften er sterkt preget av tilgroing og dermed lite synlig.



5. Bjørkestølen.

Bjørkestølen ligg 435 m o.h. i det brattlendte terrenget ned mot fjorden aust for Ortnevik. Dette var vårstøl for Fitje-bruka. Selbøen er på 3,6 daa og den ligg langs etter ein høvesvis slakk rygg. Denne skråar mot nordvest. Bøen er avgrensa av bjørkeskog med noko rogn og furu. Det ligg eit steinsel i god stand inne på selbøen. Her ligg òg ei tuft og ein diffus steinstruktur som kan vera restar etter ei kve.



*Oversyn
Bjørkestølen
Foto:
N. Kvamme*

*GPS- basert kartutsnitt over
selbøen.*



Vegetasjon.

Vegetasjonstilhøva på selbøen er varierte. Det meste av selbøen på sjølve ryggen er graskledd med smyle, gulaks og engkvein. Ellers veks det her m.a. ryllik, firkantperikum, engsyre, fjellmarikåpe, blåklokke, tepperot, skogstjerne og svever. I nedkant av bøen er den overgrodd med blåbærlyng og einer. Det er òg mykje einer i skogkanten på dei andre sidene av bøen. Nederst på bøen i vest, mellom ryggen og skogslia, ligg ei flate som er dominert av sølvbunke med byrjande tuedanning.



*Selbøen er klart avgrensa mot den kringliggjande bjørkeskogen.
Foto: M. Kvamme*

Tilstand og endringsprosessar:

Stølen vert beita og er i rimeleg bra stand. Beitinga er likevel ikkje nok til å halda heile bøen i hevd. Einer breier seg innetter på bøen frå alle kantar. Det er rydda ein del einer for nokre år sidan med godt resultat, men det er tydeleg at den kjem att. På flata nederst har tuedannande sølvbunke teke over, og den ser ikkje ut til å verta beita no lenger. På sikt vil denne flata verta buskas eller sumpmark.



*Spreiing av einer inn på selbøen.
Foto: M. Kvamme*

Verdivurdering.

Selbøen gir eit autentisk inntrykk med kulturhistoriske kvalitetar. Den skil seg tydeleg frå den kringliggjande skogsvegetasjonen og bidreg til mangfald og variasjon i desse skogsliene. Stølen er instruktiv i høve til å forstå korleis landskapet her tidlegare vart nytta og den har stor opplevingsverdi.

Framlegg til tiltak.

Det lyt setjast i verk meir omfattande rydding av einer og småskog på heile bøen, men især på nedre delen. Her er det ei blanding av søyleforma einer og krypande formar. Ein kan vurdere å la nokre få velutvikla søyleeiner stå att med god avstand. Det vil gje ekstra stemning til stølen og auka opplevingsverdien. Partiet med sølvbunke lyt slåast årleg når graset kjem i blom. Dette lyt gjerast med ryddesag så langt nede på tuene som mogeleg. Kombinert med auka beitetrykk særleg tidleg på våren vil det kunne halda sølvbunken nede og redusere tuedanninga. Alt som vert slått eller rydda må fjernast frå bøen. Utsetjing av saltstein vil vonleg kunne få fleire beitedyr inn på selbøen.



*Nedre del av selbøen.
Foto: M. Kvamme*

Bjørkestølen - bygningar

Det ble registrert en bygning og en tuft. Bygningen er et sel i relativt god stand med vegger i stein og takkonstruksjon i tre med torv som tekking. Selet har trolig originalinteriør fra tiden med aktiv støling.



6. Botnadalen.

Botnadalen var heimestølen til Finnabotn. Den ligg nokre få hundre meter vest for garden 180 m o.h., attom ein markert haug i landskapet. Stølen var i bruk til 1965. Selbøen er todelt og utgjer totalt 2,1 daa. Den skrår lett mot nord og aust, og mot sør er den omgjeven av steingjerde. Den er avgrensa av skog. Det står ein byning på den største delen av bøen i nord, medan det på den mindre delen i sør ligg to tufter.



*Botnadalen i 1975.
Fotokjelde:
Hordaland fylkeskommune*



*Om lag same biletutsnitt teken i 2009.
Foto: S. Eiter, Skog & landskap.*



*GPS-basert kartutsnitt over selbøen.
Den er todelt og er omgjeven av eit
steingjerde som no er i dårleg stand.
Mot nordvest er stølen avgrensa av
elva.*



*Oversynsbilete 2009.
Foto: N. Kvamme*

*Berre eit mindre parti ved selet er framleis open grasmark.
Foto: M. Kvamme*



*Under:
Selbøen er i dårleg hevd og skogen kjem gradvis krypande innetter grasmarka.
Foto: M. Kvamme*



Vegetasjon.

Det er mykje oppslag av bjørk, rogn, einer og skogburkne på bøen, men framleis er den for det meste dominert av sølvbunke med middels tuedanning. Andre artar som veks her er m.a. revebjølle, høymol, engsyre, bringebær, blåbær, kvassdå, engsoleie, lækjevendelrot, vrangdå og skogsvinerot. I fuktigare parti veks lyssiv og harestorr.

Tilstand og endringsprosessar.

Med unntak av sporadisk hestebeite er det ikkje noko beite her i dag. Selbøen ber preg av det og syner tydelege teikn på attgroing med sølvbuketuer, bregner, ulike høgvaksne urter og småskog. Dette kjem òg fram når ein samanliknar oversynsbilete frå 1975 med bilete frå 2009. Ettersom stølen ligg så lågt, er omgjeven av skog og den ikkje vert beita, vil prosessen truleg gå endå fortare i åra som kjem.

Verdivurdering.

Slik stølen framstår i dag har den liten landskapsfagleg- eller opplevingsverdi.

Framlegg til tiltak.

Det er vanskeleg å sjå landskapsfaglege grunnlag for å gjera framleg til tiltak i Botnadalen. Derimot er det andre områder nede i Finnabotn med element av verdifulle kulturlandskap knytt til tidlegare slåtteeng og lauvingsskog. Skal skjøtselsmidlar nyttast i Finnabotn lyt dei heller nyttast der.



Bygningsrestar på selbøen i sør. Området er i ferd med å gro att med bregner, høgvaksne urter og bjørk.

Begge foto: M. Kvamme



Botnadalen - bygningar

Det ble registrert en bygning og to tufter. Bygningen er et sel som fremdeles står oppreist, men tilstanden vurderes å være mellom sterkt forfall og ruin. Veggkonstruksjoner er laft uten kledning og stavkonstruksjon med stående panel på hhv. inn- og utsel. Veggene er umalte og det er bølgeblikk på taket. Tuftene ligger nær hverandre, men i en viss avstand fra selet. Den enes tidligere funksjon tolkes som sel med kjeller i fylkeskonservatorens rapport. Rester etter steingjerde rundt selbøen er synlig i området.





7. Brydalen.

Brydalen er ein hengjande sidedal til Stordalen som går sørvestover frå Ortnevik. Stølen ligg 580 m o.h. i den nordaustre enden av denne sidedalen, nett der dalbotnen knekker utfor og går bratt ned mot hovuddalføret. Dette var fjellstølen for Thune-garden i Ortnevik. Selbøen er på 7,8 daa og ligg på ein høvesvis tørr rygg. På eine sida er den avgrensa av ein bekk, ellers av myr og skog. Bøen heller svakt mot nordaust og her står det tre bygningar ein ruin.



*Oversynsbilete Brydalen 2009.
Foto: N. Kvamme*

Vegetasjon.

Over halvparten av selbøen er grodd til med einer. Nærast bygningane er det framleis att ein del grasmark dominert av sølvbunke med moderat tuedanning. Andre vanlege arter her er m.a. gulaks, engkvein, engsyre, kystmaure og tepperot. Det er òg litt oppslag av brennensesle. På skrinnare jord veks blåbær og røsslyng.



*Over:
GPS-basert kartutsnitt over selbøen.*

*Berre i mindre parti på oversida av selet er det enno grasmark, dominert av sølvbunke.
Foto: M. Kvamme*



Selbøen gror att med blåbærlyng, einer og etter kvart bjørkeskog.

Foto: M. Kvamme

Under:

På nedsida av selet er det lite grasmark att.

Foto: M. Kvamme

Tilstand og endringsprosessar.

Vegetasjonen syner tydeleg at heile Brydalen tidlegare har vore sterkt påverka av beite. I dag er det lite eller inkje beite der, og det meste av dalen er prega av (attgroande) lyngmark med einer og oppslag av einskilde bjørketre. Skråningane på nordsida av elva er heilt tilgrodd med skog. I dalbotnen ligg det store myrflater dominert av bjønnskjepp og myrull. Selbøen er i ferd med å verta heilt overgrodd med einer og blåbærlyng. Berre mindre grasområde er att, dominert av sølvbunke. Bøen har tidlegare gått lengre nedover, men her er den no tilvaksen med skog.



Verdivurdering.

Stølen har liten verdi som kulturlandskap slik den ligg i dag. Attgroinga på selbøen har kome så langt at den skil seg lite frå vegetasjonen i resten av dalen. Det er framleis råd å sjå at dette har vore ein mykje brukt beitedal, men med så lite beite som det er her i dag vil dette snart forsvinna. Den bratte vegen opp til stølen har innslag av gamal tilrettelegging som framstår som eit instruktivt kulturminne. Med dyr på beite og ein velskjøtta selbø ville Brydalen kunne gje dei mange fotturistane som nyttar DNT-stien gjennom dalen ei heilt anna naturoppleving enn i dag.

Oppmurt trapp på stølsvegen opp til Brydalen.

Foto: M. Kvamme

Framlegg til tiltak.

Skal selbøen atter kunne framstå som eit verdfult landskapselement, er det turvande med ei omfattande rydding av einer. Best effekt får det om greinene vert tørka og seinare brent oppå rota. Sølvbunke lyt slåast med ryddesag så lågt nede på tuene som mogeleg. Framfor alt må det komma mykje meir beitedyr attende i dalen. Utsetjing av saltstein på selbøen vil kunne få dyra til å beite meir på stølen.



Det er tydeleg å sjå at øvre del av dalen (til venstre for elva) tidlegare har vore mykje meir beita. Foto: M. Kvamme

Brydalen - bygninger

Her ble det registrert fire bygninger, trolig tre sel og ett fjøs, der den siste er å betrakte som ruin. En har fungert som privat turisthytte i mange år og er relativt stor og godt vedlikeholdt. Laftet med liggende rødmalt kedning. Metallplater på taket. Loft med soveplasser. Vegg-i-vegg står et steinsel med torvtak. Relativt god stand. Fjøsruinen er i utgangspkt laftet og siden vedlikeholdt med ulike materialer, bl.a. metallplater. Det tredje selet er trolig en laftkasse med påbygg i reisverk. Hele bygningen er kledd med hvite eternittplater. Metallplater på taket.



8. Dunevollen.

Dunevollen ligg på ein nord-syd orientert rygg mellom Gavlavatnet og Vaskevatnet øvst i Vøvringedalen. Stølen ligg 805 m o.h., og dette var fjellstølen til tre av bruka på Nese i Arnafjord. Men frå 1909 vart han leigd av bruka i Finden. Stølinga tok slutt i 1939. Selbøen er avlang og ligg på eit høvesvis flatt parti midt på ryggen. Den er avgrensa av myr på begge langsidedene, og av lyngkledd rabbar i begge endane. Inkludert grasareal på vestskråninga mot Vaskevatnet utgjer selbøen eit areal på 3,8 daa. Eitt sel står att på bøen, og her er grunnmurar etter to andre.



*Dunevollen i 1975.
Fotokjelde: Hordaland
fylkeskommune.*

*Under:
Same utsnitt i 2009.*

Vegetasjon.

Selbøen er grasdominert med gulaks og smyle som dei viktigaste grasartane, nær selet er det også parti som er dominert av sølvbunke. Engsyre og fjellmarikåpe er andre vanlege artar, og ellers veks her m.a. finnskjegg, engkvein, svever, grasstjerneblom, fjellburkne og hestespreng. På fuktige parti dominerar slåttestorr, trådsiv og seterstorr,



og langs kantane, på tørre rabbar o.l. er vegetasjonen prega av lyng, først og fremst krekling, blåbær og røsslyng. På ryggar i utkanten av selbøen veks ein del lavvokst einer, og i randsona mot myrpartia er det oppslag av vier.

GPS-basert kartutsnitt over selbøen.



Tilstand og endringsprosessar.

Det er lite eller inkje beite på selbøen i dag. Mykje av bøen har enno god grasvokster, men lyngartane er i ferd med å breia seg innerter frå kantane. Dette er særst tydeleg på tørre parti i sør, vest og i nord der bøen grensar inn mot fjellskråninga.



Over og til høgre:

Det er framleis god grasvokster på den sentrale del av ryggen, men lyng og einer kjem krypande innerter på selbøen frå kantane.

Foto: M. Kvamme

Verdivurdering.

Dunevollen ligg i eit høvesvis skrint høgfjellsområde, omgjeven av myr, lyngkledde fjellsider og vatn. Sjølv om selbøen er i endring, utgjer den framleis eit tydeleg element av kulturlandskap som bidreg til variasjon i høgfjellsnaturen. Med aktiv skjøtsel har staden både stor opplevingsverdi og kulturhistoriske kvalitetar.



Dunevollen i 1930. Fotokjelde: Fylkesarkivet Sogn og Fjordane.



*Til venstre og under:
Støsliv på Dunevollen
i 1915.*

*Fotokjelde begge
bilete:
Fylkesarkivet Sogn og
Fjordane.*



Framlegg til tiltak.

Skal bøen oppretthaldast i framtida er det trong for sterkare beiting. Det går ein del sau i området, men dei går lite inn på selbøen. Denne kan gjerast meir attraktiv for dyra ved å setja ut saltstein. Det kan og vera aktuelt å slå bøen når graset er i blom for å gjera bøen meir attraktiv for beitedyra utetter sumaren.

Dunevollen - bygningar

Det ble registrert en bygning og to grunnmurer. Bygningen er et sel med fjøskjeller i sterkt forfall. Veggene er kledd med lakkerte metallplater og stående panel. Også taket er dekt med metallplater. Grunnmurene, som preges så vidt av begynnende gjengroing, var i sin tid (ihht gamle bilder) kjeller under sel bygd i tre, trolig laft. I disse murene finnes halslenker for husdyr, så dette var brukt som fjøs.

Ift. registreringene i 1975 har selet forfalt noe mer. Grunnmurenes tilstand er lite endret.





9. Fagerdalen.

Dette var sommarstølen til Finnabotn. Den ligg 875 m o.h. rett opp frå garden i nordvestleg retning, nær kanten av det høvesvis flate høgfjellsterrenget, der dette stuper bratt ned mot fjorden. Stølen ligg på ein rygg rett nord for utløpet av minste Fagerdalsvatnet. Selbøen som utgjer 1,6 da vender mot søraust og er delt i to av eit myrområde. Det er ein bygning der og meir eller mindre synlege spor etter fire andre. Dessutan er det restar etter eit steingjerde. Stølen har vore lite nytta i nyare tid, stølsdrifta vart teken opp att her siste gong på slutten av 1920-åra, men det varte berre nokre få somrar.



Fagerdalen. Stølen ligg på neset til venstre for utløpet av det minste vatnet. Foto: N. Kvamme



*Oversynsbilete teken i 1975.
Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune.*



*Same utsnitt teken i 2009.
Foto: S. Eiter, Skog og Landskap.*

Vegetasjon.

Selbøen er gras og lyngkledd med ein del einer. Dei vanlegaste grasartane er smyle, gulaks, finnskjegg og sølvbunke, medan lyngvegetasjonen er dominert av blåbær, men òg krekling og blokkebær er vanlege. Andre vanlege artar er fjellburkne, fjellmarikåpe, engsyre, hestespreng, seterstor, engfrytle og blåklokke.



GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Selbøen er enno delvis grasdominert.

Foto: M. Kvamme



Øvre del av selbøen.

Foto: M. Kvamme



Lyng og bregner kryp innetter på selbøen.

Foto: M. Kvamme



Tilstand og endringsprosessar.

Det er berre tilfeldig beite i området i dag. Selbøen ber preg av vantande beite over lang tid. Den skil seg difor høvesvis lite frå vegetasjonen i omgjevnadene. Blåbærlyng har teke over på delar av bøen, og likeins er det mykje fjellburkne og spreidde oppslag av einer. Men framleis er det stort sett meir gras inne på bøen enn i omgjevnadene. På sikt vil denne skilnaden forsvinna, men endringane går langsomt. Samanliknar ein dei to oversiktsbileta frå 1975 og 2009 har ikkje selbøen endra seg mykje på 30 år.



Dei graskledde partia av selbøen vert gradvis overgrodd av lyng, einer og bregner.

Foto: M. Kvamme

Verdivurdering.

Stølen er omgjeven av storfelt høgfjellsnatur, og plasseringa i seg sjølv gjer at stølen har stor opplevingsverdi. Sett i samanheng med den bratte stølsvegen har stølen kulturhistorisk verdi ved at her ligg tuftar og restar etter ein gamal selbø i slike omgjevnader.

Framlegg til tiltak.

Det er ikkje turvande med store tiltak på Fagerdalen. Skal ein få fram att meir av grasvollen er det trong for meir beite. Utplassering av saltstein vil hjelpa i høve til dei sauene som er att i området. Stølen ligg så høgt at tilgroinga med lyng går langsomt, men på sikt vil nok grasvollen verta borte utan beiting i området.

Fagerdalen - bygningar

Det ble registrert en bygning, en grunnmur og 3 tufter. Bygningen er et steinsel restaurert samtidig med registreringen i 2009. Veggkonstruksjonen er av stein, med åstak og torv. Fylkeskonservatorens rapport identifiserte denne bygningen som rester etter et sel bygd i 1927. Grunnmuren er fjøskjeller for et sel som brant ned i 2004. Dette var et sel med laftet innsel og utsel (skot) i reisverk. Av de tre tuftene er to lite synlige.

Ift. registreringene i 1977 er endringene betydelige, da et sel har brent ned, mens et annet er satt i stand.





10. Fidnasselbøen

Sjå 38: Smørklepp.

11. Finnbuene.

Finnbuene ligg nedst i nordaustskråningane frå Finnbufjellet, omlag 865 m o.h. Den tilhøyrrer gardar i Myrkdalen og Vik. Stølsdrifta tok slutt i 1948. Selbøen er delt i to, ein stor øvre bø der det står ein bygning og det vart påvist fem tufter og tre ruiner, og ein nedre bø med to tufter og ein ruin. Totalt utgjer



dei 6,4 daa, og er avgrensa av ein bekk, myrdrag og blåbærheiar.

Oversynsbilete.

Foto: N. Kvamme

Under:

GPS, basert kartutsnitt over selbøen.

Vegetasjon.

Selbøen er grasdominert med smyle, gulaks, finnskjegg og sølvbunke som dei vanlegaste grasartane. Ellers veks her m.a. fjelltimotei, engkvein, tunrapp, engsyre, fjellmarikåpe, tepperot, setergråurt, engsolei, harerug, blåbær og fjellburkne. Det veks ikkje einer på eller nær bøen, men det står litt vier i myrkantane.



Finnbuene sett frå riksvegen over Vikafjellet.

Foto: M. Kvamme



Detalj av vegetasjonen på selbøen.

Foto: M. Kvamme

Tilstand og endringsprosessar:

Stølen vert beita av sauer og kyr gjennom sommaren. Selbøen er i god hevd og syner ingen teikn til attgroing eller andre endringar i vegetasjonen. Truleg har den vore mykje større tidlegare, ettersom den er omgjeven av grasrike blåbærheiar.



Til venstre: Øvre del av selbøen.

Under: Nedre del av selbøen

Begge foto: M. Kvamme



Verdivurdering.

Finnbuene ligg høgt og fritt i ei skrånande fjellside med godt utsyn. Selbøen er godt beita med ein variert vegetasjon som er typisk for fjellbeiter i aktiv bruk. Den synleggjer på ein framifrå måte korleis stølane fungerte som knutepunkt for utnytting av beiteressursane i høgfjellet. Stølen ber preg av å ha vore nytta i lang tid, og den har mange autentiske strukturar intakt. Den har stor pedagogisk verdi og høg opplevingsverdi.

Framlegg til tiltak.

Det er ikkje trong for tiltak på selbøen til Finnbuene så lenge dagens beitetrykk vert oppretthalden.

Finnbuene - bygningar

Det ble registrert to bygninger, 7 tufter/murer og tre spor etter noe som kan være tufter. Bygningene, som har tydelig hyttepreg, er i god stand. En står på murene av et tidligere steinsel og et uthus er under bygging inne i murene av et større fjøs. Veggene er kledd med liggende panel og brunbeiset. Taket er tekt med torv. Fjøsaturene omgir uthuset. Bygningene er inngjerdet.

Av de resterende bygningene er alle tufter, bortsett fra en som kan være murer etter fjøskjeller.





12. Fitjebotn.

Dette var fjellstøl for bruka på Fitje i Ortnevik. Stølen ligg 730 m o.h., fram på kanten av ein liten botn med fritt utsyn over Sognefjorden. Stølsdrifta vart avvikla på 1940-talet. Selbøen ligg i ei vestvendt skråning og er på 2,7 daa. Stølen ligg i overkant av dagens bjørkeskog, og bøen er avgrensa av lyng og småskog på nedsida, eit lite myrdrag på eine sida og ellers av lyng og einerkratt. På selbøen ligg det restar etter tre bygningar.



Oversynsbilete.

Foto: M. Kvamme

Under:

Tydelege bygningsrestar på den sølvbunkeprega selbøen.

Foto: M. Kvamme



Vegetasjon.

Selbøen er fullstendig dominert av sølvbunke med kraftig tuedanning. Den gjer lite rom for andre artar, men her finst m.a. litt engkvein, gulaks, engsyre, tepperot og hårfrytle. I fuktige parti veks mykje slåttestorr.



Tilstand og endringsprosessar.
 Det er lite beite i området i dag. Sjølv om det ligg ein saltstein i ein av ruinane, er det for lite dyr i området til at det har nemnande effekt. Det er òg usikkert om beitedyra (sau) kjem opp i området tidleg nok på sommaren til å ha nokon innverknad på sølvbunken. Den er så grovvaksen at sauen ikkje vil ta den sjølv om dei vert lokka til området med saltstein.

GPS - basert kartutsnitt over selbøen.

Det er tydeleg at selbøen tidlegare har vore større, men har grodd att med blåbær, røsslyng, blokkebær og einer. I fuktige parti er det oppslag av vierbusker. Den attverande sølvbunkemarka kan tilsynelatande sjå ut til å vera stabil, men vantande beite gjer at det skjer ei opphoping av organisk materiale mellom tuene, og sentralt på bøen dannar det seg sumpmark med mykje slåttestorr. Utan tiltak vil denne utviklinga halda fram, og grasmarka vil på sikt verta borte.



Over:
 Selbøen er prega av grovvaksen sølvbunke med kraftig tuedanning.
 Foto: M. Kvamme



Til venstre:
 Attgroing med lyngartar og einer i nedkant av selbøen.
 Foto: M. Kvamme

Verdivurdering.

Selbøen skil seg framleis ut som eit tydeleg landskapselement. Dette bidreg til mangfald og variasjon i denne delen av fjellet. Med sine tydelege ruinar er stølen med på å synleggjera ressursbruken langs Sognefjorden i tidlegare tider, så lengje selbøen har sitt særpreg. Den har ei viss opplevingsverdi.

Framlegg til tiltak.

Skal denne selbøen takast vare på må det setjast inn ein målretta aksjon mot sølvbuken. Det er alt lagt ut saltstein, men det i seg sjølv er ikkje nok. Her vil det vera tilrådeleg å brenna graset tidleg på våren hvis det vert tørt nok. Dessutan lyt selbøen slåast med ryddesag og tuane kuttast så langt nede som mogeleg. Dette lyt gjerast når sølvbunken er kome i blom, og alt som vert slått må fjernast. Framfor alt er det trong for meir beitedyr i området. Det er mogeleg at saltsteinen får betre verknad hvis han vert flytta frå ruinen der han ligg i dag til ein tørr stad ute på bøen.

Fitjebotn - bygningar

Her ble registrert tre ruiner og spor etter noe som kan være en tuft. To av ruinene er større bygninger i stein der murene er i sterkt forfall. Dette er tydelig sel med to rom. Den tredje ruinen er en mindre bygning, også denne i stein og i sterkt forfall. Det er i senere tid bygd opp en hytte som tilhører stølen, omtrent 100m lengre nede mot nordvest.



13. Fodnestølen.

Fodnestølen ligg på ein høvesvis slak rygg i fjellskråninga sør for Ortnevik, 720 m o.h. Den var sommarstøl for eit av bruca på Brekke. Selbøen ligg langs etter ryggen, vender mot nord og er på 6,4 daa. Den er avgrensa av lyngmark, einerkratt og myr. Det ligg eit sel på bøen.



*Oversynsbilete 2009.
Foto: N. Kvamme*



GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Vegetasjon.

Selbøen er graskledd og dominert av sølvbunke og noko gulaks. Andre vanlege artar er engsyre og tepperot. Slåttestorr er vanleg i fuktige parti. Langs kantane av bøen veks blåbærlyng, blokkebær, røsslyng og einer.

Tilstand og endringsprosessar.

Det er lite beite i området i dag, og vegetasjonen både på selbøen og i landskapet kring stølen vitnar om sterk attendegang i beite. Glissen bjørkeskog brer seg oppetter liene som ellers er prega av einerdominert lyngmark. På selbøen har blåbær breidd seg innerter i dei øvre og nedre delane av ryggen, medan sølvbunke dominerar på område med god jord, førebels med lite utvikla tuedanning. Frå kantane er einer i ferd med å etablere seg på bøen.



*Selbøen er i ferd med å gro att
frå kantane med einer og lyng.
Foto: M. Kvamme*

*I dalsidene kring stølen er det kraftig
spreiing av ung bjørkeskog.
Foto: M. Kvamme*

Verdivurdering.

Fodnestølen er typisk for stølane i øvre del av bjørkebeltet i dalføra innetter Sognefjorden. Sjølv om beitepåverknaden har gått mykje attende, er selbøen enno i høvesvis bra hevd. Den skil seg tydeleg frå omgjevnadene og bidreg til mangfald i landskapet. Den har klar opplevingsverdi.



*Attgroing i nedkant av
selbøen.
Foto: M. Kvamme*



Selbøen er delvis enno i høvesvis god hevd og bidreg til mangfaldet i området.

Foto: M. Kvamme

Framlegg til tiltak.

Skal ein hindre at selbøen på litt sikt forsvinn, må beitetrykket aukast. Beitinga lyt starta tidleg om våren for å halda sølvbunken nede. Utsetjing av saltstein sentralt på bøen kan vera ein føremon hvis det er nok dyr i området. Det vil òg vera nyttig å slå heile bøen i nokre år. Dette lyt gjerast i byjinga av juli når sølvbunken har kome i blom, og alt som blir slått må fjernast frå bøen. I kombinasjon med beiting kan dette gje god effekt. Det lyt ryddast einer i randsonene av selbøen.

Fodnestølen - bygningar

Det ble registrert en bygning i stein, med et påbygg i reisverk. Torv på taket. Bygningen er i meget god stand. Noen hundre meter lengre ned i lien heter det Vettle Fodnestølen, her er ikke påvist spor etter bygninger.



14. Fossesete.

Dette var ein mellomstøl (liastøl) for nokre av bruka på Nese i Arnafjord. Dei hadde heimstøl på Tenne og buførte til Fossesete kring Jonsok. Her stogga dei i to veker før dei drog vidare til sommarstølen Hest. På same vis stogga dei to veker her om hausten. Stølen ligg 390 moh. i eit litt slakkare parti i den elles bratte oppstigninga frå fjorden. Stølen var i bruk fram til 1962, og vert i dag beita av sau vår og haust.



Fossesete i 1975.

Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune




Same utsnitt i 2009.

Foto: S. Eiter, Skog & landskap.

Selbøen utgjer ein bakkeskråning vendt mot søraust, og i dag er det opne arealet på 3,0 daa. Den har tidlegare gått lengre nedetter skråninga, men dei nedre områda er i dag attgrodd med skog og brake. Det står berre eitt hus att på stølen, men grunnane etter ein bygning til syner godt der stien kjem inn på selbøen. Selbøen er avgrensa av skog på alle kantar.



Oversiktsbilde 2009. Foto: N. Kvamme



GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Vegetasjon.

Om lag ein fjerdedel av selbøen er artsrike grasbakkar. Dei ligg hovudsakleg ved det ståande selet, på ei flate nærare elva og i ei stripe langs etter stien. Her er vegetasjonen godt beita og inneheld arter som ryllik, jonsokkoll, kvitkløver, engsyre, blåklokke og tepperot. Engkvein og gulaks er dei dominerande grasartane. Revebjølle er ein vanleg art på heile selbøen, især i parti med mykje stein. Dei resterande to tredjedelane er blåbærlyng med oppslag av einer og einstape.

Tilstand og endringsprosessar.

På bilete frå 1977 er selbøen heilt overgrodd med høgvaksen einer. Det var 15 år etter at stølsdrifta tok slutt, og det var framleis tydeleg å sjå at selbøen tidlegare hadde gått lenger ned i bakken. I dag er dette skog. Attgroinga heldt fram til 1994, då eit område på oversida av det ståande selet vart rydda. Beitinga sidan den tid har

halde bøen ope, men i dag er beitetrykket ikkje høgt nok til å hindra ny attgroing. Blåbærlyng brer seg no inn over dei siste restane med grasbakke, og mykje ny einer er i kraftig vekst. Held denne utviklinga fram som i dag, vil det neppe ta meir enn ti-femten år før bøen på ny ser ut som i 1977.



*Attgroing med einer i tida 1994 - 2009.
Foto: M. Kvamme*



Kraftig framvekst av einstape på øvre del av selbøen.

Foto: M.Kvamme

Verdivurdering.

Fossesete syner på ein instruktiv måte korleis stølsdrifta var ein metode til å nytta ut ein kvar mogeleg ressurs i det brattlendte fjordlandskapet. I tillegg til denne klart pedagogiske verdien, har stølen både floristisk og ikkje minst


estetisk verdi med si plassering nær til Breifossen. Opplevingsverdien er høg, og ettersom han ligg ved ein sti med mykje ferdsle, kan Fossesete medverka til at folk betre oppfattar kulturlandskapsverdiene i Stølsheimen. Dette føreset at selbøen vert halden i hevd og ikkje gror att slik han har gjort tidlegare.

Framlegg til tiltak.

Den delen av den gamle selbøen som låg på nedsida av det ståande selet er så tilgrodd at det vil vera særskrevjande å rydda han fram att. Det er å sjå på som ei tapt sak. Når det gjeld selbøen på oversida av selet, er det turvande å rydda bort eineren på nytt før han vert for storvaksen. Det mest effektive er å brenne han, då døyr heile planta. Dette må eventuelt gjerast tidleg på våren med stor varsemd. Einstape er eit anna problem. Det er ei plante som er særskvanskeleg å verta kvitt, då han har eit stort underjordisk nettverk av jordstenglar. Slått to gongar kvar sumar i 3-5 år vil gje merkbar effekt. Eit alternativ er å nytta eit artsspesifikt sprøytemiddel (t.d. Gratil). Då kverv einstapen fortare, men på lang sikt er ikkje effekten noko betre enn med slått. Det viktigaste er likevel å auke beitetrykket på stølen. Ingen av dei andre tiltaka vil kunne få langvarig effekt utan meir beiting. Utlegging av saltstein sentralt på selbøen vil hjelpa.

Fossesete - bygningar

Det ble registrert en bygning, et sel i god stand og godt synlig, og en grunnmur. Innselet har laftede vegger uten kledning, mens utselet er i reisverk kledd med stående panel. Alle veggene er umalte, og det er metallplater på taket. Dette selet ble restaurert i 1996. I fylkeskonservatorens rapport er grunnmuren identifisert som rester etter et annet sel. Dette selet ble i senere tid (før 1977) båret ned til bygden og satt opp der. Omkring 1927 gikk et steinras delvis inn på stølen og da ble begge bygningene flyttet sørover til der de er no.



15. Frikstølen.

Dette var heimestøl for eitt av bruca på Alrek. Den ligg 670 m o.h. på stølsvegen frå Vetlesand til Alrekstølen. Vegen går forbi her og fortsetter opp gjennom eit skar. Området er myrlendt med glissen bjørkeskog og lyngklede rabbar. Her ligg restar etter eit lite sel med litt grasmark. Ellers er det er ikkje att nemnande spor etter stølinga i vegetasjonen.



*Oversyn over stølen sett ovanfrå. Tufta ligg att med hammaren midt i biletet
Foto: N. Kvamme*



Hunden sit inne i tufta. Foto: N. Kvamme

16. Furedalen.

Denne stølen ligg i den myrlendte dalbotnen nordaust for Furedalsvatnet, omgjeven av glissen blandingsskog med bjørk og furu. Den ligg 430 m o.h. og nesten heilt frampå kanten der dalen stuper bratt nedetter mot Vassdalen, ein sidedal i søraustleg retning frå Ortnevik. Furedalen har vore nytta som geitestøl, men stølsdrifta vart lagt ned på 30-talet. Det er ingen selbø att på stølen, men der den truleg låg står det tettvaksen og jamngamal bjørkeskog med blåbærlyng, mose og litt gras på bakken. Midt inne i denne skogen står det ei hytte som er oppført på grunnmurane etter det gamle selet på stølen. Ei mogeleg forklaring på denne spesielle attgroinga er at beitetrykket har stogga brått på eit tidspunkt då selbøen har vore mykje opptråkka. Dette kan ha gjeve ei massiv spiring med bjørk over heile bøen til same tid, og grunna fråvær av beite har den fått utvikla seg til dagens skog med jamngamle tre. Stien opp frå Vassdalen er bratt og ikkje utan risiko. På det brattaste lyt ein klatre i eit tau attmed fossen. Det er ikkje grunn for å tilrå tiltak her.



*Furedalen.
Foto: M. Kvamme*

*Bjørkeskogen er for det meste jamngamal på den tidlegare selbøen i Furedalen.
Foto: M. Kvamme*




Furedalen - bygningar

Her står en bygning. Et hus i reisverk og liggende brunbeiset kledning, med torvtak. Dette var tidligere plassering for et stølshus. No er huset eiet og brukt av innbyggerne i Ortnevik.



17. Hallsetstølen.

Hallsetstølen ligg ved utløpsosen i vestenden av Hallsetvatnet, 785 m o.h. Dette var sommarstølen til bruka på Hallset i Arnafjord. Stølsdrifta tok slutt i 1972. Selbøen ligg på ein flat rygg i skråninga på nordsida av utløpsosen. Den er avgrensa av elva, myrdrag og lyngmark i skråninga over bøen.



GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Hallsetstølen sett frå vest. Foto: M. Kvamme



*Stølen sett frå aust 1975.
Fotokjelde: Hordaland
fylkeskommune.*



*Same utsnitt 2009.
Foto: S. Eiter, Skog og landskap.*



*Selbøen sett frå nord 1975.
Fotokjelde: Hordaland
fylkeskommune*



*Same utsnitt 2009.
Foto: S. Eiter, Skog og landskap.*

Vegetasjon.

Selbøen er graskledd med engkvein, gulaks, tunrapp, sølvbunke og finnskjegg som dei vanlegaste grasa. Ellers veks her m.a. engsyre, ryllik, fjelltimotei, fjellmarikåpe og hestespreng. Inntil steinar o.l. veks det litt blåbærlyng og krypande einer. Det er uvanleg lite einer på selbøen.



*Den graskleddde selbøen skil seg tydeleg dei
lyngprega omgjevnadene.
Foto: M. Kvamme*



*Selbøen er i god hevd.
Foto: M. Kvamme*

Tilstand og endringsprosessar.

Etter at stølsdrifta tok slutt har området heile tida vore beita av sau og kyr og er det framleis. Selbøen er difor i god hevd utan teikn til attgroing. Det er tydeleg å sjå at grasarealet tidlegare har vore mykje større. På andre sida av elva er det store område med mykje smyle som til dels er overgrodd med blåbærlyng og krekling. Men framleis er det flekkar att kor graset dominerar. Kring stølen er det ikkje oppslag av bjørk. Men litt lenger vest har småbuskar etablert seg langt høgare enn stølen. Dete syner at beitinga på selbøen framleis er tilstrekkeleg til å halda skogen borte.



Graskledde område sør for elva tyder på at beitepåverknaden har vore kraftigare før.

Foto: M. Kvamme



Oppslag av gran ved selbøen!

Foto: M. Kvamme

Verdivurdering.

Hallsetstølen er ein støl i god hevd med velhaldne bygningar og ein selbø som vert godt beita med sau og storfe. Den framstår som autentisk og med høg kulturhistorisk verdi. Den er representativ for høgfjellsstølane i Stølsheimen og har sjølvsagt høg opplevingsverdi. Mange fotturistar har glede av desse kvalitetane kvart år ettersom det går ei DNT-rute over stølen.



Hallsetstølen 1937.

Fotokjelde:

Fylkesarkivet, Sogn og Fjordane.

Framlegg til tiltak.

Så lenge beitinga vert oppretthalden på dagens nivå er det ikkje trong for særskilde tiltak på stølen. Grasområda på andre sida av elva kunne ha vore betre beita.



*Støsliv 1940.
Fotokjelde:
Fylkesarkivet, Sogn
og Fjordane.*



*Buføring i 1955. Legg merke til steinselet som er det same som på biletet frå 1940.
Fotokjelde: Fylkesarkivet, Sogn og Fjordane.*

Hallsetstølen - bygninger

Det ble registrert 7 bygninger: fire sel, et fjøs, en utedo, en hytte og en grunnmur. Selene og hytten virker i god stand. Tilstanden på fjøset var mer i retning sterkt forfall. Alle bygningene unntatt grunnmuren er godt synlige. Veggene til fjøset og til ett av selene er av stein, mens alle andre bygninger er i trekonstruksjon kledd med liggende panel. Ett sel er malt rødt, utedoen brun og tre andre bygninger blå-grå. Taket til tre bygninger er dekt med torv, fire bygninger har metallplater.

Ift. registreringene i 1975 har det rødmalte, et gråmalt og steinselet blitt rehabilitert. Det andre gråmalte selet har blitt bygd om fullstendig, og en hytte har kommet til. Utedoen var heller ikke med på den gamle registreringen. Grunnmuren er stort sett uforandret.







18. Hanekamstølen.

Dette var fjellstølen for tre bruk på garden Hanekam på sørsida av Sognefjorden. Stølen ligg 790 m o.h. på ei flate på vestsida av Hanekamdalen heilt nord i Vøvringedalen. Stølsdrifta tok slutt i 1945, men området har vore jamnleg beita inntil for omlag ti år sidan. I dag er det lite dyr som beitar her. Det står to velhaldne sel på stølen som er samanbygde til ein lang bygning. Selbøen er avgrensa av myr og lyngheiar med spreidde bjørkekratt. Det ligg fleire tufter på selbøen, og nokre av dei ser ut å kunne vera frå førhistorisk tid.



Hanekamstølen i 1975.

Fotokjelde:

Hordaland fylkeskommune.

Under:

Same utsnitt i 2009

Foto: S. Eiter, Skog og landskap.

Vegetasjon.

Selbøen er for en stor del graskledd, men her er òg parti med lyngvegetasjon. Dei vanlegaste grasartane er gulaks, smyle og fjelltimotei. Det førekjem òg mindre område med sølvbunke men utan at den har utvikla nemnande tuestruktur. Andre vanlege artar er finnskjegg, engsyre, krypsolei, fjellmarikåpe, tepperot og føllblom. Lyngvegetasjonen er



dominert av blåbær og noko blokkebær. Tvers over selbøen går eit fuktig søkk som vert dominert av slåttestorr og trådsiv. På toppen av ein stor heller att med selbøen veks ei buskfuru (bergfuru) som må vera planta.

GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Tilstand og endringsprosessar:

Det er lite beite på stølen i dag, men selbøen er likevel i høvesvis god hevd. Det er lett å sjå at eit mykje større område kring selbøen tidlegare har vore meir grasprega, men i dag er det lyng, først og framst blåbærlyng, som dominerar. Denne vegetasjonstypen har òg etablert seg på tørre ryggar inne på selbøen. Lågvaksne bjørkekratt er på frammarsj i landskapet kring stølen.



Den grasdominerte selbøen er i høvesvis god hevd, sjølv om den er lite påverka av beite i dag. Begge foto: M. Kvamme



Hanekamdalen er ein typisk beitedal som ikkje lenger vert nytta. Foto: M. Kvamme.

Verdivurdering.

Selbøen skil seg klart frå omgjevnadene med kraftig grasvekst og utgjer eit karakteristisk landskapselement i eit gammalt beitelandskap. Det er tydeleg at beitinga tidlegare har hatt innverknad på landskapet langt utanfor selbøen. Dette kjem fram i vegetasjonen og i tillegg er det mange stiar etter husdyra på kryss og tvers i landskapet. Hanekamstølen synleggjer difor på ein instruktiv måte korleis stølsdrifta i si tid utforma kulturlandskapet i høgfjellet.



Lyngen er i ferd med å etablere seg langs kantane av selbøen.

Foto: M. Kvamme



Buføring på 1930-talet. Legg merke til landskapet i bakgrunnen. Fotokjelde: Fylkesarkivet, Sogn og Fjordane

Framlegg til tiltak.

Det er viktig å auke beitetrykket på selbøen for å hindra at dei kulturbiologiske kvalitetane på stølen forsvinn. Fleire dyr lyt sleppast på beite i området, og det lyt setjast ut saltstein sentralt på bøen. Det kan òg vera hjelp i å slå bøen, både gras og lyng. Det lyt i tilfelle gjerast midtsumars etter at graset har kome i blom, og alt som blir slått må fjernast.

Hanekambstølen - bygningar

Det ble registrert to bygninger og minst tre tufter. En av bygningene er to sel bygd sammen med felles kortvegg. Hvert sel har inn- og utsel. Bygningen er i stein med metallplater på taket. God stand. Ved siden av selene ligger en tuft som også er forholdsvis godt synlig. Sør for stølstunet, mot randen av selbøen står en utedo - i god tilstand, bygd som stavkonstruksjon med liggende panel på veggene og metallplater på taket. I nærheten ligger det også en stor stein med en stor heller, som sies å ha blitt brukt som det første «selet» på stedet. På selbøen ble det funnet minst to tydelige spor etter tufter.

Under registreringene i 1975 var kun det ene selet rehabilitert, så det andre har da blitt satt i tilsvarende god stand siden.





19. Hedlestølen.

Hedlestølen ligg om lag 500m NNV for Åsehidleren, like sør for den stupbratte nedstigninga til Indrefjorden. Dette er restane etter Hallsetegarden sin vårstøl i perioden 1910-1925. Før 1910 hadde garden vår- og hauststøl på Åsehidleren, og etter 1925 buførte dei direkte til sumarstølen i Hallsetdalen. Det er ikkje råd å definera nokon selbø, men her ligg restar etter tre bygningar, to på ein nordgåande rygg i landskapet, og den tredje under ein heller like ved. Berggrunnen er fyllitt, og høgda er 830 moh.



Hedlestølen 2009. Det er ikkje mogeleg å avgrensa nokon selbø i området.

Foto: M. Kvamme

Vegetasjon.

I turre parti på ryggen med husrestane veks det i dag open bjørkeskog med blåbærlyng. Det meste av området er fuktprega og dominert av sølvvier. Mellom ryggen og helleren ligg eit snølægje kanta med eit belte av finnskjegg. Oppunder helleren ligg restane etter ein fjøs. Vegetasjonen under dråpefallet er dominert av høgstauder som skogstorkenebb, engsoleie, fjellmarikåpe og enghumleblom, saman med fjellburkne, skogsnelle og sølvvier. Til skilnad frå Åsehidleren er det lite brennesle, sjølv om dei naturlege tilhøva er mykje dei same.



Høgstauder under dråpefall med restar etter ein fjøs.

Foto: M. Kvamme

Tilstand og endringsprosessar.

Det er i dag lite eller inkje beite i området, og den gamle stølsvegen opp frå Åse vert heller ikkje nytta meir. Det er ikkje lenger nemnande beitepåverknad å sjå i vegetasjonen. Dette er ikkje overraskande når ein tek omsyn til at stølen kan hende berre vart nytta i 15-20 år.



Området er i ferd med å vakse til med sølvvier.

Foto: M. Kvamme

Verdivurdering.

Hedlestølen kan ikkje seiast å ha særleg kulturlandskapsfagleg verdi. Det er ingen synleg selbø, bygningane har ramla ned og plasseringa er ikkje spesiell.

Framlegg til tiltak.

Det er ikkje fagleg grunnlag for å tilrå rydding eller restaurering av kulturlandskapet på stølen.

Hellestølen - bygningar

Det ble registrert rester etter 3 bygninger; to ruiner etter et sel og et fjøs og en grunnmur etter noe som har vært et laftet sel med fjøskjeller. Laftematerialene fra dette selet (mot nord) ble i sin tid tatt ned og stablet inntil det andre selet som no er en ruin. Selruinen har delvis laftede vegger og metallplater på taket. Fjøsruinen er rester av en veggkonstruksjon i treverk innunder enn stor heller. Alle bygningene er mindre godt synlige.

Ift. registreringen i 1977 har det siste selet rast sammen. Fjøset var i dårlig forfatning allerede den gangen, men også der har forfallet tydeligvis økt.






20. Heimestølen Stavedal.

Denne stølen ligg 355 m o.h. i bratt skogsterreng opp frå Stavedalen. Den vart nytta nokre veker vår og haust, og bruken tok truleg slutt omlag samstundes med at stølsdrifta i Vindhalsen (fjellstøl til Stavedal) stogga i 1935. Selbøen er sær bratt og vend mot nordvest. Den har eit areal på 1,3 daa og er avgrensa av skog. Her ligg restar etter to bygningar.



*Utsyn mot Heimestølen
Stavedal frå Vindhalsen.
Foto: M. Kvamme*

GPS-basert kartutsnitt over selbøen.



Vegetasjon.

Selbøen er prega av sølvbunke, einer, blåbærlyng og bregner, særleg smørtelg og skogburkne. Av andre artar kan nemnast gulaks, tepperot, revebjølle, firkantperikum, engsoleie, kystmaure, engsyre og myrtistel. Skogen kring selbøen er blandingsskog med furu og bjørk.

Tilstand og endringsprosessar.

Det er ikkje beite her i dag, og attgroinga har kome langt. Mest framtrekande er høgvaksen einer som står som ein vegg rundt bøen og som etablerar seg stadig lenger inn på dei åpne områda som er att. Blåbærlyngen kryp likeeins innover på grasmarka. Det som er att av grasvegetasjon er totalt dominert av sølvbunke med kraftig tuedanning. Den er i ferd med å bli innvadert av myrtistel. Deler av bøen vert òg overgrodd med bregnene smørtelg og skogburkne. Særleg i nedre del har dei teke heilt over, men dei kjem opp over alt.



*På selbøen er det enno mindre opne parti dominert av sølvbunke.
Foto: M. Kvamme*



*Spreiing av smørtelg og skogburkne inn på selbøen.
Foto: M. Kvamme*

Verdivurdering.

Denne stølen framstår i dag som ei lita opning i bratt skogsterreng. Bygningane har ramla ned. Stølen har liten landskapsfagleg verdi. Derimot er det element av gammalt kulturlandskap lenger nede i skråningen. Her er det mange tre som tidlegare har vore styva, og det ligg spor etter gamle slåtteteiger spredd i skogbotnen. Det er ikkje utenkjeleg at òg selbøen på heimestølen ein gong i tida kan ha vore nytta til slått. Stølsvegen er vanskjeleg å finna, men er fleire stader godt trettelagt med oppmuring..

*Stølen ligg i ei bratt
skogskråning mellom
furutrærne nede til
venstre på biletet.*

Utsyn frå vest.

Foto: N: Kvamme



*Søyleeiner
dominerer store
delar av selbøen.
Tuft synleg i
forgrunnen.
Foto: M. Kvamme*

Framlegg til tiltak.

Skal selbøen setjast i stand att vert det trong for omfattande rydding av einer og skog og årleg slått av sølvbunke og bregner. Dessutan lyt ein finna ein måte å få beitedyr til å halda seg i området. Dette vil verta sær s krevjande, og det er vanskeleg å sjå nokon fagleg grunn for å tilrå dette.

Heimestølen-Stavedalen - bygningar

Det ble registrert en ruin og rester av en annen bygning.



21. Hest.

Hest var sommarstøl for fire bruk på Nese i Arnafjord. Den ligg 765 m o.h. i ein aust-vest orientert “hengjande” sidedal i dei bratte fjellside opp frå fjorden. Stølsdrifta tok slutt i 1962. Selbøen ligg på den sørvendte skråninga av ein rygg som går innerter dalen på nordsida av elva. Truleg har heile ryggen ein gong vore grasbø, men i dag har den vestlege helfta grodd att med lyng og einer. Selbøen er avgrensa



av lyngmark og einer i vest, og ellers av ur, myr og einerkratt. Den er på 2,7 daa. Det ligg to bygningar og tre tufter på bøen. Lenger inne i dalen, på andre sida av elva, vart det påvist tre tufter til som kan vera av forhistorisk alder.

Oversynsbilete.

Foto: M. Kvamme.

GPS-basert kartutsnitt over selbøen. Dei tre tuftene innerst i dalen er avmerka.



Hest 1975. Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune.



Same utsyn 2009. Foto: S. Eiter, Skog og landskap.

Vegetasjon.

Bøen er prega av gras og lyng med noko oppslag av einer. Dei vanlegaste grasartane er smyle, finnskjegg, sølvbunke og gulaks. Andre vanlege artar er engsyre, ryllik, blåklokke, engfrytle, kvitkløver, fjelltimotei, tepperot, brennesle og svever. På deler av bøen har lyngartar som blåbær, røsslyng og krekling etablert

seg, men òg artar som fjellmarikåpe, fjellburkne og bringebær. På fuktig grunn veks m.a. trådsiv, slåttestorr og myrfiol.



Deler av selbøen er enno graskledd.

Foto: M. Kvamme

Mykje av bøen er i ferd med å gro att med lyng og einer.

Foto: M. Kvamme



Tilstand og endringsprosessar.

Vegetasjonen på selbøen syner lite spor etter beiting i dag. På tørre parti med skrinn jord er grasbøen i ferd med å gå over til lyngmark som veks til med einer. I eit område med betre jordsmonn har sølvbunken vorte einerådande med tydeleg tuedanning. Selbøen har tidlegare truleg gått mykje lenger vestover på ryggen, men der har det no grodd att med lyngmark og einer. Likeeins ber heile dalbotnen innetter på andre sida av elva preg av å vera gammalt beiteland. I dag gror det att med lyng, bjørk og einer.



Beitepåverknaden har skapt eit ope kulturlandskap inn etter heile dalen.

Foto: M. Kvamme

Verdivurdering.

I tillegg til sjøve selbøen utgjer heile dalen eit kulturlandskap som tydeleg er forma av lang tids beite. Tuftene i indre del av dalen er av ukjent opphav og har truleg samband med gamal beitebruk i området. Stølen framstår med stor autentisk verdi. Saman med det heilskaplege kulturlandskapet i dalen syner den på ein instruktiv måte korleis beiting og stølsdrift over lang tid har bidrege til eit mangfald som framleis er godt synleg i fjellet. Stølen og dalen har stor opplevingsverdi.



Selbøen skil seg framleis tydeleg frå resten av landskapet.

Foto: M. Kvamme



*Støsliv på Hest i 1941.
Fotokjelde: Fylkesarkivet
Sogn og Fjordane.*

Framlegg til tiltak.

Beitetrykket er i dag for lågt til å halda selbøen i hevd. Hvis ikkje beitetrykket aukar vil tilgroing med lyng og einer skyta enda meir fart. Utsetjing av saltstein på selbøen og lenger inne i dalen vil kunne bidra til å halda dyra i området, men det er òg trong for fleire dyr her. På deler av selbøen er det oppslag av einer. Dette lyt ryddast og brennast. Sølvbunken er enno ikkje meir omfattande enn at dyra vil halda den nede hvis her vert meir beite.



Tufter innerst i dalen. Dei tre personane står oppi kvar si tuft. Foto: M. Kvamme

Hest - bygninger

Det ble registrert to bygninger, en grunnmur og to tufter. Bygningene og en grunnmuren er av typen sel over fjøs. mens typen for de to tuftene ikke var gjenkennelig. De to bygningene var i hhv. god tilstand til begynnende forfall og begynnende til sterkt forfall. Begge har metallplater på taket. Veggene til det som ser ut til å være i best forfatning er kledd med liggende panel, konstruksjonen er ikke synlig. Det andre selet har laftet innsel kledd med liggende panel og metallplater, og utsel i stavkonstruksjon, kledd med stående panel og metallplater.

Ift. registreringene i 1977 er det kun foretatt mindre vedlikehold, som metallplater på en brystvegg og nytt vindu. Kjellermuren på byningen mot sør-vest er blitt vesentlig skjevare.





22. Hestfjellet.

Bruka på Otterskred hadde sommarstøl på ei flate oppunder Hestfjellet. Stølen ligg 900 m o.h. og var i drift fram til slutten av 1940-åra. Selbøen ligg på ein avsats oppunder ein hammar. Den utgjer 1,3 daa og er avgrensa av ein bekk, ei elv og av snølægje. Det ligg to sel og ein grunnmur på selbøen. Framom sela er det ein nordvendt bakke ned til elva. Selbøen skil seg lite frå omgjevnadene når det gjeld vegetasjon.



*Oversynsbilete Hestfjellet.
Foto: M. Kvamme*

Under:

Stølen i drift før 1950. Fotokjelde: Bygdebok for Vik.





*Selbøen er nedom sela avgrensa av to elvar.
Vegetasjonen her ser ikkje ut til å ha endra seg mykje på 60 år:
Foto: M. Kvamme*

GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Under:
*Blåbærlyng og finnskjegg pregar øvre del av selbøen.
Foto: M. Kvamme.*



Vegetasjon.
Dei vanlegaste artane på selbøen er finnskjegg, sølvbunke, blåbær og engsyre. Ellers veks her m.a. gulaks, fjelltimotei, harerug, brennesle, engfrytle, blokkebær og fjellmarikåpe. I fuktige parti finst seterstorr, slåtestorr, trådsiv, harestorr, stivstorr, sølvvier, torvull og myrfiol. Omgjevnadene er prega av blåærlyng og krekling.



Stølen med øvre del av selbøen sett frå aust.

Foto:

M. Kvamme

Tilstand og endringsprosessar.

Bøen vert beita, og det står ein saltstein på andre sida av elva. Likevel er omlag ein tredel av selbøen no blåbærlyng. Resten av bøen er rimeleg godt beita, så det ser ikkje ut til at lyngen vil spreia seg meir så lenge beitetrykket vert halde ved like. Det er mykje fuktmark og snølægjer kring bøen, så det er vanskjeleg å få inntrykk av om bøen har vore større tidlegare. Men i området kor saltsteinen står er det store areal med grasrik blåbærhei.

Verdivurdering.

Stølen har ein viss opplevingsverdi, og utsikten ned mot Arnafjord frå kanten nokre få hundre meter frå stølen er formidabel. Totalt sett skil sjølve selbøen seg så lite frå omgjevnadene at den har liten verdi som kulturlandskap.

Framlegg til tiltak.

Det er i dag eit visst beite i området, og så lenge dette held fram er det ikkje turvande med andre tiltak på stølen. Tilkomsten er vanskeleg og stølsvegen lyt utbetrast.

Hestfjellet - bygningar

Det ble registrert to bygninger, begge av typen sel over fjøs, godt synlige med bølgeblikk på taket. Det ene selet er i god tilstand mens det andre er i sterkt forfall. Begge selene har laftet innsel og utsel i reisverk. Selet i best stand har liggende og stående rødmalt kledning. På det andre selet ble kledning, tak og gulv skiftet i senere tid slik at bygningen fremstår i forholdsvis god stand. Selve laftekassen har imidlertid vist seg å være i dårlig forfatning slik at tilstanden måtte nedvurderes.



23. Hustavenesstølen.

Dette var vår- og sommarstøl for Hustavenes. Den ligg 530 m o.h. frampå ein avsats i den bratte fjellskråninga opp frå garden. Stølen var i drift fram til 1957. Selbøen ligg på ein rygg i nordvestleg retning og er på 1,0 daa. Den er avgrensa av myr og skog. Her ligg ein samanrast bygning.



*Utsyn over stølen og fjorden 1975
Fotokjelde: Hordaland
fylkeskommune.*

*Under:
Same utsnitt i 2009.
Foto: S. Eiter, Skog og landskap.*

Vegetasjon.

Selbøen er prega av sølvbunke med moderat tuedanning, smyle, engsyre, brennesle, bringebær, bjørk og einer. Andre vanlege artar er engkvein, kvitkløver, ryllik, engsoleie, vrangdå, firkantpericum, tepperot, fjellburkne, blåbær, blokkebær, tyttebær og røsslyng. I fuktige parti veks m.a. torvull og harestorr og slåttestorr.



GPS-basert kartutsnitt over selbøen.





*Selbøen er prega av sølvbunke, men med aukande oppslag av andre artar, m.a. einer.
Foto: M. Kvamme*

Tilstand og endringsprosessar:

Det er ikkje beite på stølen i dag, og den ser ut til å ha vore mykje større tidlegare. Vegetasjonen er i dag i endring på fleire måtar. Einer er i kraftig spreining frå nedsida, og mykje av det som i dag ligg som einerkratt her har truleg tidlegare vore del av selbøen. På myrane og andre fuktige parti er det tette oppslag av unge bjørkeplantar. Berre kring bygningsruinen er det litt grasvokster att med innslag av brennesle og bringebær. Slik stoda er i dag er tvilsomt om bøen vil overleva som sjølvstendig landskapselement særleg lenge.



*Framvokster av bringebærkratt er typisk på gamal sølvbunkemark.
Foto: M. Kvamme*

Verdivurdering.

Stølen har ei flott plassering i fjellsida med vidt utsyn over fjorden. Men både særpreg og kvalitetane som har vore knytt til stølen er no i ferd med å bli borte grunna vantande beite og bygningsforfall.



*Selbøen er i ferd med å gro att frå alle kanter.
Foto: M. Kvamme.*

Framlegg til tiltak.

Det er trong for mykje beite og omfattande rydding av einer og bjørk for å få fram att det opphavelige kulturlandskapet på stølen. Det vil verta særskild arbeidskrevjande, og framfor alt lyt ein finna løysing på korleis ein kan få beitedyr attende til området.



*Stølen har ei storfelt plassering, men særpreget kverv med vantande beite og vedlikehald.
Foto: M. Kvamme*

Huststavenesstølen - bygningar

Det ble registrert en bygning, som er et laftet sel bygd sammen med et fjøs i stenderverk. Fjøs delen er nå en ruin der det ikke lenger kan sies noe om veggene, men taket har nok en gang vært tekt med metallplater. Selet fremstår som en ruin med ukledde laftede vegger og også metallplater på taket. Ift. registreringen i 1977 har tilstanden på bygningene forverret seg tydelig.



24. Johalsen.

Denne stølen er det lite att av. Den var ei tid vårstøl for eit av bruka på Otterskred. Bygningen er i ferd med å ramla ned og selbøen framstår berre som ei lita, attgroande glenne i skogen. Den kan ikkje seiast å ha nokon verdi, og det kan ikkje forsvarast å tilrå noko tiltak her.



*Foto:
N. Kvamme*

25. Karituften Torvedalen.

Dette er ei tuft i øvre del av Torvedalen. Det er ikkje påvist noko selbø eller andre spor etter tidlegare bruk kring tufta. Den har etter tradisjonen ikkje samband med støling.

Foto: N. Kvamme



Foto: M. Kvamme.

26. Kyreskora.

På ei 50-70 m brei hylla i den stupbratte fjellsida aust for Brekke i Ortnevik, ligg det 2 tufter 770 m o.h. Det er ingen tradisjon om at her har vore stølsdrift, og det er heller ingen spor etter ein selbø. Tuftene ligg på ein tørr rygg med blåbær-bjørkeskog, omgjeven av myr. Her er ingen synlege spor etter tidlegare beite.



*Tuftene ligg på den grøne hylla
over svaet midt på biletet.
Foto: M. kvamme*

*Oppe på hylla er terrenget høvesvis
flatt.*

Foto: M. Kvamme




*Under til høgre:
Tuftene ligg inne i bjørkeskogen.*

Foto: M. Kvamme

Under:

Hylla sett ovanfrå.

Foto: N. Kvamme



27. Mørkves-Grøndalen.

Denne stølen ligg 885 m o.h. ved nordenden av Grøndalsvatnet. Den var sommarstøl for Mørkvegardane, og stølsdrifta tok slutt kring 1950. Selbøen utgjer 6,8 daa og er for det meste ei landtunge framfor dei bratte fjellskråningane på nordsida av vatnet. Den er avgrensa av vatnet i framkant og fjellskråninga i bakre kant. Det renn ein bekk over bøen i vestre del. På bøen ligg det tre bygningar og ein ruin.



*Oversynsbilete 2009.
Foto: M. Kvamme.*

GPS-basert kartutsnitt over selbøen .



Vegetasjon.

Selbøen er graskledd dominert av sølvbunke med moderat tuedanning. Andre vanlege gras er smyle og gulaks, ellers veks her m.a. engsyre, fjellmarikåpe, tepperot, engsolei og svever. På



mindre område veks det og blåbærlyng og fjellburkne. Ned mot vatnet går selbøen over i grasdominert myrvegetasjon med slåttestorr, gråstorr, myrfiol, sølvvier, flaskestorr og trådsiv.

*Nedre del av selbøen.
Foto: M. Kvamme*



*Tydelege spor etter tidlegare beitepåverknad i skråningane bak selbøen.
Foto: M. Kvamme*

Tilstand og endringsprosessar:

Det går litt sau på beite i området, og dei held framleis deler av selbøen i hevd. Men det er òg område kor tuedannande sølvbunke har fått godt tak. Likeeins er det lite beite i dei fuktige partia, og det er grunn til å forventa at fuktområda vil verta større etter kvart. I dei brattlendte, lyngkledde bakkane i bakre kant av selbøen er det til dels mykje smyle og gulaks. Dette tyder på at dei tidlegare har vore mykje meir grasprega, men har vorte overgrodd med lyng grunna attendegang i beitinga.

Verdivurdering.

Selbøen skil seg lite ut frå kringliggjande vegetasjon og har i dag lite særpreg att. På dei tørre partia er det tydeleg å sjå at beitepåverknaden tidlegare har vore sterkare, og då har nok stølen i større grad skilt seg ut som eit landskapselement.

Framlegg til tiltak.

Så lenge det framleis er dyr på beite i området, vil dei klara å halda delar av selbøen i hevd som i dag. Er det ønskjeleg å få fram att eit mer særprega beitelandskap på stølen, lyt det sleppast ut meir dyr i området og setjast ut saltstein sentralt på selbøen. Årleg slått av sølvbunken og grasmyrene vil og vera til hjelp.

27. Mørkves-Grøndalen

Det ble registrert fem bygninger, to tradisjonelle sel over fjøs, to nyere bygninger med hyttepreg som nok har erstattet tidligere sel, og en grunnmur ombygd til utedo. Alle bygningene er godt synlige og fire har tak av metall. Den ene av de nyere bygningene har torvtak og står noe utenfor selbøen mot øst. Denne erstatter selet som i sin tid stod på grunnmuren som no rommer utedo. Veggene til de fire andre bygningene er kledde med liggende panel. Bygningene er malt i grønt eller brunt. Bygningene er i god stand. Det brune av de to tradisjonelle bygningene er i begynnende forfall.



28. Nedste Raudbergdalen.

2-3 tufter nede i Raudbergdalen, ukjent opphav. Her er ingen selbø eller andre kulturlandskapselement.



*Tuftene ligg på den vesle flata midt i biletet. Ei tuft er godt synleg.
Foto: N. Kvamme*

*Detalj tuft.
Foto: N. Kvamme*



29. Nedste Torvedalen.

Ein snau km vest for DNT-hytta i Torvedalen kryssar stien til Gullbrå eit grøderikt, sørvendt dalføre. På austsida av dette går stien over ein grasrik selbø med fire tydelege tufter, omlag 790 m o.h. Det er ingen som veit sikkert kva dette har vore, men det er ei vanleg oppfatning at dette er den opphavelige stølen i Torvedalen, før han vart flytta opp til Torvedalstjørni. Det som tydelegvis har vore ein selbø er avgrensa mot vest av elva ned gjennom denne tverrdalen, i sør, aust og nord er det naturlege avgrensingar av den i terrenget. Bøen er delt i to av ei bekk som renn i sørvestleg retning att med stien. Samla areal er 4,5 daa.



Oversynsbilete Nedre Torvedal teken frå nord. Selbøen ligg til venstre for det vierfylte bekkefaret midt i biletet.

Foto: M. Kvamme

GPS-basert kartutsnitt over den todelte selbøen. Dei fire tuftene ligg i den nordlege delen.



Vegetasjon.

Bøen er gras- og lyngkledd og store parti er overgrodd med einer. Dei dominerande grasartane er smyle og gulaks, men det er òg parti med sølvbunke. Andre vanlege artar er engsyre, tepperot, fjellmarikåpe, grasstjerneblom, blåklukke, svevar og finnskjegg. Mellom lyngartane er det blåbær som dominerar, men her veks òg blokkebær, krekling og røsslyng. Att med steinar og ved tuftene veks det fjellburkne og hestespreng. I fuktige parti er særleg trådsiv vanleg, men òg artar som slåttestorr, seterstorr, myrfiol og langs bekkene mykje sølvvier.



*Nordlege del av selbøen sett frå søraust. Dei fire tuftene er synlege i varierende grad.
Foto: N. Kvamme*



*Sørlege del av selbøen.
Foto: M. Kvamme*

Tilstand og endringsprosessar:

Det er lett å sjå at dette er eit tidlegare beitelandskap som har vore mykje nytta. Også på vestsida av elva ned gjennom tverrdalen er det restar etter grasbøer som no er attgrodde med einer, vier og bjørk. Sjølv om det er lenge sidan stølen vart flytta oppover i dalen, må beitinga her nede ha halde fram med stor intensitet i lang tid. I dag er det alt for lite beiting her til å halda bøen i hevd, og det er tydeleg at lyngmark og einerkratt er i ferd med å ta over på tørr mark, medan sølvvieren spreier seg på fuktig mark. I dalsidene kring bøen er bjørkeskogen i ferd med å få tak, men enno er det mykje mindre skog her enn generelt i området. Dette tyder at den tidlegare stølsdrifta har halde skogen unna her.



*Selbøen sett frå vest.
Tuftene ligg på landtunga
mellom dei to bekkefara.
Foto: N. Kvamme.*



*Tilgroing med einer og
lyng i øvre del av
selbøen. Ei av tuftene er
tydeleg midt på biletet.
Foto: M. Kvamme*

Verdivurdering.

Sjølv om det ikkje lenger er kjendt når og av kven denne stølen vart nytta, utgjer spora etter bruken eit heilskapleg og autentisk kulturlandskap. Her ligg minst fire husgrunnar, omkransa av ein attgroande, men framleis tydeleg selbø. I dalsidene kring stølen er det òg klåre spor etter tidlegare beitepåknaad. Stølen har i dag stor opplevingsverdi for fagfolk og andre som skjønner kva dei ser. Med aktiv skjøtsel og litt tilretteleggjing vil det verta ei enda større oppleving å ferdast over dei gamle vollane, òg for vanlege fotturistar. Dette er spesielt interessant sidan det går ein merka DNT-sti over selbøen.



*Ei av tuftene ligg tett attmed ein T-merka sti.
Foto M. Kvamme.*

*Den øvste av tuftene ligg litt nord for stien og syner godt i terrenget.
Foto: M. Kvamme*



Framlegg til tiltak.

Det må gjennomførast ei omfattande rydding av einer. Den må kuttast med motorsag og brennast/fjernast. Det er trong for dette både i skråningane ovanfor tuftene og i dalsidene på andre sida av bekken i sør. På flata må det ryddast både kring og inni husgrunnane slik at dei vert godt synlege. I tillegg er det stor trong for meir beiting i området. Utsetjing av saltstein på selbøen kan vera til hjelp, men det er trong for fleire dyr i området, helst både sau og storfe. Rydding utan beite vil her berre ha avgrensa verknad. På dei sentrale delane av selbøen kan ein eventuelt vurderast å slå nokre år, då må graset fjernast etterpå. Det kan gjera desse områda meir attraktive for beitedyra. Brenning av daudt fjorårsgras tidleg på våren vil ha same effekt. Dette må gjerast med varsemnd.

Nedste Torvedalen - bygningar

Fire tufter ble registrert inne på en markant selbø. Disse er sterkt og delvis helt overgrodd. Uten nærmere undersøkelser er det vanskelig å si noe bestemt om hva slags bygninger dette har vært.



30. Negardstølen.


Dette er vår/heimestøl for Frettheim og Kjølven i Arnafjord. Stølen ligg oppå ein hammar i bratt terreng på nordvestsida av Helledalen, 670 moh. Selbøen har i hovudsak ei eksponering mot søraust. Berggrunnen er fyllitt. Stølen var i bruk til fram på 1950-talet. I dag er det berre tilfeldig beite her.

Selbøen ligg i ei bratt skråning med open vegetasjon, avgrensa av bjørkeskog med mykje rogn. I underkant er avgrensinga stup. På nedre del av bøen er det noko flatare, og her låg det opphaveleg tre sel og to fjøs. I dag står berre eit sel att. Selbøen har i dag eit areal på 3,5 daa.



*Negardstølen sett frå aust.
Stølen ligg oppå hammaren
midt i biletet.
Foto: M. Kvamme.*

GPS-basert kartutsnitt over selbøen.



Vegetasjon.

Vegetasjonen på selbøen er prega av sølvbunke med tydeleg tuedanning. Her er og ein variert engvegetasjon med mellom anna firkantperikum, engsoleie, ryllik og engsyre. Store felt med bringebær utgjer omlag 20% av arealet. Myrtistel veks spreidd over det meste av selbøen, og i dei øvre og brattaste partia er det oppslag av smørtelg. Bjørk har etablert seg mange stader, men dei største trea og mykje einer vart rydda bort i 2005. Inn mot skogkanten, og likeeins inne på bøen, veks det likevel spreidde einerkratt. I nedre del av bøen, lengst i syd, ligg eit mindre fukt/myrparti med storrvegetasjon og m.a. myrhatt og harerug.



*Negardstølen
omkring 1950.
Fotokjelde:
Bygdebok for Vik.*

*Negardstølen i 1977.
Fotokjelde:
Hordaland fylkeskommune.*



Under:
*Omlag same utsyn i dag.
Foto:
S. Eiter, Skog og landskap*



Tilstand og endringsprosessar:
Vegetasjonen syner tydeleg at det går føre seg store endringar i kulturlandskapet ved Negardstølen. Både strukturen på skogen og fragment av engvegetasjon heilt sør til Smørkjelda (omlag 300 m frå selbøen), vitnar at landskapet tidlegare har vore mykje opnare enn i dag. Inne på selbøen er oppslag av bjørk, einer og bringebær klåre teikn på at også denne no er i ferd med å gro att. Oversynsbiletet av selbøen frå 1977 syner at dette hadde teke

til alt då. Beitinga her er i dag ikkje på nokon måte tilstrekkelig til å halda bøen open i framtida. Får utviklinga i dag halda fram, vil alt som er att av den opphavelige selbøen om nokre få år berre vera mindre område med sterkt tueforma sølvbunke. Dette er ein stabil vegetasjonstype, men vil med tida gradvis gå over til anna vegetasjon.



Firkantperikum, sølvbunke, myrtistel og skogburkne tek over for ryllik, engsoleie og gulaks.

Foto: M. Kvamme

Attgroinga er i ferd med å fordriva den opphavelige vegetasjonen på selbøen.

Foto: M. Kvamme



Verdivurdering.

Negardstølen er typisk for heimstølane i dei brattlendte fjellsidene i Sogn. Den syner på ein instruktiv måte korleis ressursane i denne sona mellom høg fjellet og låglandet kunne nyttast, sjølv om terrengtilhøva var vanskelege. Den ligg ved ein mykje nytta tursti. Attgroinga er i ferd med å koma så langt at desse kvalitetane om få år vil vera monaleg reduserte. Skal særpreget til stølen kunne reddast for framtida, er det naudsynt å setja i gang med omfattande tiltak innan kort tid.



Vegetasjonen på selbøen er i ferd med å endra karakter og mista sitt særpreg.

Foto: M. Kvamme.

Framlegg til tiltak.


Naudsynte tiltak på selbøen omfattar både rydding og auka beite. Alle tre og buskar lyt takast bort med sag og ryddesag. Det vil og vera ein stor føremun å slå heile selbøen. Det er viktig at gras og kvist fjernast heilt frå bøen. For å halde nede rotskot m.m. må tiltaket gjentakast etter eit par år. Særleg er det viktig å slå områda med tistel før dei rekk å setja frø. Dette må halda fram kvart år fram til tistelen kverv. Ryddinga må raskt følgjast opp med beiting, helst frå fyrste året. Særleg er det viktig med beite tidleg i vekstsesongen for å kunne halda sølvbunka nede. Det beitedyret som best klarar dette er hest eller geit. Sau og storfe er gode til å halda bøen open når den først er kommen i god hevd.

Negarstølen - bygningar

Det ble registrert en bygning og fire grunnmurer/ruiner. Bygningen er godt synlig og i god stand, mens de fire murene/ruinen er sterkt preget av gjengroing, og typene er ikke gjenkjennelige. Veggkonstruksjonene i selet er laft, staver og stein. Veggene er kledd med umalt liggende panel, og det er torvtak på bygningen. Denne ble restaurert tidlig på 1990-tallet.

Ift. registreringen i 1977 er selet som no står blitt restaurert, bortsett fra et laftet påbygg som i den forbindelse ble revet helt ned. Tre andre bygninger, to fjøs og ett sel er helt eller delvis borte.





31. Rappen.

Dette er fjellstølen for Kjelven og Fretheim i Arnafjord. Stølen ligg 950 moh., på nordsida av Vetle Rappavatn, der det kjem ned ei lita elv frå høgfjellet. Stølen var i drift til 1966, men området vert framleis beita av sau og sporadisk noko av kyr. Berggrunnen er fyllitt.

Selbøen er delt i tre og vender mot sør og søraust. Ein del av bøen ligg på vestsida av elva, her ligg det ein ruin etter eit tidlegare stølshus som har vore grave inn i bakken. På austsida av elva ligg ein større bø delt i to av ein bekk. På øvste delen av denne bøen ligg eit eldre stølshus og ei nyare hytte bygd på ei gamal seltuft. På nedre del av bøen ligg ei tidlegare DNT-hytte. Bøen har eit samla areal på 5,5 daa.



Oversyn Rappen sett frå sør. Foto: M. Kvamme.

GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Vegetasjon.

Vegetasjonen er grasdominert med gulaks, smyle og finnskjegg som dei viktigaste artane, men her finst og m.a. tunrapp, fjelltimotei, engsyre, fjellmarikåpe og tepperot. I fuktige parti nær elva veks det fleire storrantar og m.a. myrfiol. Her er lite sølvbunke og berre litt blåbærlyng heilt øvst på selbøen. Liene kring er prega av alpine blåbærheiar med fjellburkne og spreidde vierkratt.

Rappen sett frå nordaust i 1977.

Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune.

Same utsyn 2009.

Foto: S. Eiter, Skog og landskap.





*Selbø i god hevd.
Foto: M. Kvamme*

*Selbøen sett mot søraust.
Tidlegare turisthytte til
venstre.
Foto: M. Kvamme*



Tilstand og endringsprosessar:
Sjølv om stølsdrifta tok slutt for meir enn 40 år sidan, har beitinga fram til no vore tilstrekkeleg til å halda selbøen i god hevd. På oversynsbilete frå 1977 kan det sjå ut til at graspreget var framtrekande også i omgjevnadene til stølen, der det i dag er blåbærheiar. Inne på selbøen er det ikkje noko som tyder på endringar i vegetasjonen eller byrjande attgroing.

Verdivurdering.

Rappen har stor opplevingsverdi. Stølen ligg harmonisk til i landskapet, og selbøen skil seg klart ut frå omgjevande vegetasjon. Verknaden av beitinga og tidlegare stølsdrift er tydeleg og lett å forstå. Stølen har òg ein strategisk plassering i høve til stinettet i Stølsheimen. Kulturlandskapet på Rappen er difor med på å definera identiteten til Stølsheimen.

Framlegg til tiltak.

Det er viktig at beitinga på Rappen held fram på same nivå som i dei seinare åra. Då vil det ikkje vera naudsynt med andre tiltak for å halda selbøen i god hevd.

Rappen - bygningar

Det ble registrert fire bygninger og to grunnmurer. Tre bygninger er originale fra tiden med støling; et sel med fjøskjeller og en tidligere turisthytte fra 1953 med tilhørende utedo. Den fjerde bygningen er en fritidshytte bygd på 1970-tallet, på kjellermurene til det som en gang var et steinsel med fjøskjeller. Alle bygninger er godt synlige, men mens fritidsboligen, turisthytten og utedoen fremstår i god stand, er det gamle selet i sterkt forfall. Fritidsboligen er oppført som reisverk kledd med rødmalt liggende panel og torvtak. Selet i sterk forfall har laftet innsel og uspesifisert utselkonstruksjon. Veggene er ukledd og umalt, og taket er tekt med metallplater. Turisthytten har også kledning av rødmalt, liggende panel, men metallplater på taket. Utedoen er enkelt konstruert, også kledd med rødmalt, liggende panel og trebord på taket. Turisthytten var egentlig et tilbygg til selet som stod på grunnmuren veg-i-vegg. Dette var et sel bygd i tre med fjøskjeller av mur. Selet kolapset trolig i vinden fra et snørås tidlig på 1980-tallet.

Ift. registreringen i 1977 er murene etter steinselet erstattet med en ny stor hytte i reisverk og torvtak. Turisthytten er som tidligere men det opprinnelige selet som var en del av hytten er borte, bare kjellermurene står igjenn. Det originale selet har fått noe vedlikehold men forfallet går jevnt, særlig på laftekassen. Grunnmuren nederst i bakken ble i tiden med turisthytte brukt som avfallsplass. No er den ryddet og er ellers uforandret. Utedoen er vedlikeholdt.





32. Raudbergdalen.

Dette er fjellstøl for gardsbruk på Hellane i Arnafjord. Stølen ligg i ein fjelldal som startar ved austenden av Selhamarvatnet og fører med jamn stigning mot NØ i retning Bjergane. Raudbergdalen ligg på 970 moh. og reknast som den høgastliggande stølen i Stølsheimen. Stølen var i drift til 1950, men her er framleis mykje beiting av sau. Berggrunnen er fyllitt, men truleg med påverknad frå den store førekomsten av serpentin i Raudberget nær ved.

Selbøen er ein SSV-vend, nesten flat rygg i dalbotnen. Den er avgrensa av to bekkar som renn saman nedanfor ryggen. Her ligg det snøfenner til langt ut på sommaren, og grensa for selbøen er trekt langs kanten av snølægja. Øvre avgrensing er trekt litt ovanfor dagens to stølshus, kor terrenget vert brattare. Nedanfor dei to husa ligg det restar etter to tidlegare bygningar på stølen. Den eine stod enno i 1977. Arealet utgjer 3,5 daa.

*Oversyn frå
sørvest 1977.
Fotokjelde:
Hordaland
fylkeskommune.*



*Same utsyn
2009.
Foto: S. Eiter,
Skog og
landskap.*



GPS-basert kartutsnitt over selbøen. Midtpartiet er ei lita myr.

Vegetasjon.

Vegetasjonen på selbøen er prega av grasvokster, i sær på den øvre delen. Dei dominerande artane er gulaks, smyle og finnskjegg, men her er og mindre parti med sølvbunke. Andre vanlege artar er engsyre, fjellmarikåpe og tepperot. Midt på selbøen ligg eit fuktparti med storrartar og duskull. På den nedre del av bøen er det tydeleg at blåbærlyng er i ferd med å etablera seg, og langs kantane likeeins einer og vier.



*Øvre del av selbøen.
Foto: M. Kvamme*

Tilstand og endringsprosessar.

Selbøen skil seg ikkje så mykje frå omgjevnadene. Dei viktigaste skilnadene er friskare grasvokster, lite blåbærlyng og ein meir variert urteflora. Den gong stølen var i aktiv drift, har truleg denne vegetasjonen dominert i eit mykje større område. Beitetrykket her oppe har sidan vore tilstrekkeleg til å oppretthalda særpreget i vegetasjonen på sjølve selbøen. Oversiktsbiletet frå 2009 syner liten skilnad frå tilsvarande teke i 1977. Førekomsten av blåbærlyng og einer på nedre del av bøen tyder på at beitepåverknaden har gått attende i dei seinare åra. I liene rundt selbøen er oppslag av småbjørk eit teikn på det same.



Nedre del av selbøen med byrjande spreining av blåbærlyng og einer.

Foto: M. Kvamme.

Verdivurdering.

Raudbergdalen er typisk for høgfjellsstølane i Stølsheimen. Den har spesiell verdi med at den er den høgastliggande stølen i området. Det er berre små skilnader mellom selbøen og vegetasjonen ellers i området, og dette fortel noko om nøysemda som låg til grunn for den gamle stølsbruken. Denne kvaliteten vert borte om selbøen vert tilvaksen med blåbærlyng.

Framlegg til tiltak.

Det er ikkje naudsynt med store tiltak for å halda selbøen ved like. Beitetrykket må ikkje verta lågare enn i dag, og litt fleire beitedyr vil vera ein føremun. Utsetting av saltstein på nedre del av bøen vil kan henda vera nok. Einerkrattet lyt ryddast og brennast før det får gripa meir om seg.

Raudbergdalen - bygningar

Det ble registrert to bygninger, to grunnmurer og en grop i bakken som kan være en tuft. Bygningene er i tilsynelatende god tilstand. Innselene er laftet, utselene er av reisverk eller stavkonstruksjon. Det ene selet er kledd med umalt liggende panel mens det andre er kledd med brune metallplater. Takene til begge bygningene er også kledd med metallplater. Den ene grunnmuren er gravd inn i bakken, ukjent bygningstype. Den andre grunnmuren er flate steiner i bakkenivå i forlengelse av denne. Her stod et fjøs i stavkonstruksjon inntil slutten av 1980-tallet.

Ift. registreringen i 1977 er det lite forandring på selene, bortsett fra ett som har fått metallplater på taket i steden for torv. Fjøset er ramlet ned og alt trevirke samlet ned i grunnmuren i forlengelsen.





33. Regndalen.

I øvre enden av Nedre Regndalsvatnet, Ortnevik, ligg ei tuft som kan vera av førhistorisk karakter. Det er ingen selbø eller andre spor etter beiting i området.



*Tufta kan tydeleg sjåast midt på biletet.
Foto: L. Brekke.*

34. Rosete.

Rosete er ein liastøl som vart nytta nokre veker vår og haust av dei bruka på Nese i Arnafjord som hadde sommarstøl på Vatnane. Stølen ligg på ei flate øvst i bjørkeskogen, 770 m o.h. i den bratte fjellskråninga på vestsida av Arnafjord, like nord for Nese. Stølsdrifta vart avvikla i løpet av 1950-åra, siste brukaren slutta i 1960. Det går framleis ein del sau i området vår og haust, og i vel ein måned midt på sumaren er det omlag ti kviger og kalvar på beite her. Selbøen vender mot søraust og er delt i to. Det største arealet ligg frampå ein rygg og er avgrensa av myr i bakkant og brattskrentar fram mot fjorden. Her står det att eit sel, og dessutan ligg her ruiner og tufter frå nyare tid. I nordenden renn det ein bekk, og nord for denne ligg det ein mindre bø med ei tuft. Samla areal på dei to bøane er 7,3 daa.

Oversynsbilete teken frå nordvest 1977.

Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune.

Same utsyn 2009

Foto: S. Eiter, Skog og landskap.



GPS-basert kartutsnitt over den todelte selbøen. Selet ligg på den nedre, største delen.

Vegetasjon.

Det meste av selbøane er heilt overgrodd med sølvbunke med kraftig tuedanning. På den mindre delen i nord er jordsmonnet skrinnare og her er det òg parti med finnskjegg og gulaks. På sentrale parti av den største bøen er det kraftige oppslag av myrtistel og noko høymol. Ellers er engsyre og engsolei vanlege artar, og på dei skrinnare partia veks m.a. kystmaure. I utkantene og til dels på tuftene veks det einer. Her er òg ein del fjellburkne, særleg ved steinar og på liknande veksestader.



Sølvbunke og myrtistel pregar store delar av selbøen. I bakgrunnen område med beitepåverknad. Foto: M. Kvamme

Tilstand og endringsprosessar:

Sølvbunkemark kan tilsynelatande halda seg stabil i lang tid. Men fordi den ikkje vert beita, vil det hopa seg opp med daudt organisk materiale, og saman med den kraftige tuedanninga vil dette føra til at vegetasjonen langsamt endrar karakter. Nye artar vil gradvis etablera seg, og samstundes vert markstruktur og fukttilhøve endra. På Rosete har dette m.a. ført til at myrtistel breier seg på sentrale delar av selbøen og likeeins fleire storrartar, til dømes harestorr. Frå kantane kryp einer og lyng innerter, særleg på den nordlege delen og i nedkant av selet. Like nedanfor stølen står bjørkeskogen tett. Den er i rask spreining opp etter heile lia, og særleg på nordsida har den etablert seg høgare opp enn stølen. Berre i eit mindre område søraust på den største bøen er det i dag synleg beitepåverknad av vegetasjonen. Men det ser ut som om sølvbunken på sikt vil ta over her òg.



På delar av selbøen har sølvbunketuene vorte særst velutvikla. Foto: M. Kvamme



*Øvre del av selbøen med finnskjegg og sølvbunke. Tuft til venstre. Spreiing av bjørkeskog i bakgrunnen.
Foto: M. Kvamme*

Verdivurdering.
Rosete ligg som eit landemerke i fjellsida innetter Arnafjorden. Den store grasvoksteren på selbøen skil seg klårt frå den heller karrige

vegetasjonen som ligg rundt stølen. Dette bidreg til større variasjon i landskapet, og sjølv om selbøen no er i ferd med å gro til med sølvbunke, tistel og ein del brake, framstår framleis stølen som eit instruktivt døme på ressursutnyttinga i området. Skjøtselstiltak på bøen vil verta godt synlege og bli lagd merke til av mange avdi stølen ligg att med stien frå Nese og opp til Vatnane.



*Oversynsbilete teken frå sørvest.
Foto: M. Kvamme*

Framlegg til tiltak.

Sølvbunke er vanskjeleg å verta kvitt berre med beiting. Det einaste beitedyret som kan halda dette grasnet nede er hest. Andre husdyr vil og beite på det, men då lyt dei sleppa til tidleg om våren når grasnet spirer. Det mest realistiske på

Rosete er å slå bøen med ryddesag midtsumars, like etter at grasnet har kome i blom. Sølvbunketuene lyt kuttast så langt nede som mogeleg, og alt grasnet må fjernast. Det vil òg vera god hjelp i å svi av daugras tidleg på våren, like etter at snøen har smelta. Dette må gjerast med stor varsemnd. Tistel og høymol må gjerne slåast to gongar dei fyrste åra. Dei må ikkje få høve til å setja frø.

Tiltaka lyt følgjast opp med beiting. Saltstein sentralt på selbøen kan vera til god hjelp. Andre naudsynte tiltak vil vera å rydda einer, både på nedsida av og i kantane kring selbøen. Det lyt òg fjernast ein del småskog av bjørk og einer. Alt som vert kutta må brennast eller fjernast på anna vis.

Rosete - bygningar

Det ble registrert en bygning og seks murer/ruiner. Bygningen er et sel restaurert på 1970-tallet og i tilsynelatende god stand. Veggene er av stein, og det har torvtak. De andre lokalitetene er murer etter det som trolig har vært steinsel. Mer og mindre sammenrast.

Ift. registreringen i 1977 er det ingen vesentlige forandringer på stølen. Ruinen ved siden av selet som står er forfalt ytterligere.





35. Rotteskaret.

Dette var heimestølen for bruka på Otterskred. Den ligg 700 m o.h. rett opp frå garden. Stølsdrifta i Rotteskardet tok slutt i 1946. Selbøen er bratt og steinete. Den er avgrensa av gjengoande lyngmark i øvre del, ur og berg på sidene og gjengroande einerkrat og skog på nedsida. Bøen vender mot søraust og er på 3,6 daa. Her ligg det eit nyvøla stølshus, ein grunnmur og ei tuft.




*Rotteskardet sett frå sør 1977.
Fotokjelde: Hordaland
fylkeskommune*

*Under:
Same utsyn 2009.
Foto: S. Eiter, Skog og landskap.*

Vegetasjon.

Selbøen er dominert av sølvbunke med varierende tuedanning. Andre framtrekande gras er gulaks, smyle, engkvein og hundegras. Andre vanlege artar er firkantperikum, tepperot, engsyre, ryllik, engfrytle, hårfrytle, småengkall, fjellmarikåpe og engsolei. Det er oppslag av bringebær, brennesle, kvitbladtistel, fjellburkne, einer og bjørk. Langs kantane, særleg i øvre del, er blåbær mykje utbreidd.



GPS-basert kartutsnitt over selbøen.



*Øvre del av selbøen.
Foto: M. Kvamme*



*Det meste av selbøen er særs brattlendt.
Foto: M. Kvamme*

*Selbøen ser ut til å
ha gått høgare opp
tidlegare. Her veks
det no blåbærlyng
som gror til med
bjørk og einer.
Foto: M. Kvamme.*



Tilstand og endringsprosessar.

Her er lite beite i dag, og det er tydeleg å sjå at bøen har vore mykje større tidlegare. Der stien held fram oppover til fjells er det eit lite steingjerde i eit skar, og opp hit kan det sjå ut til å vera gamal beitemark. Dette er attgrodd blåbærlyngmark i dag, med einer og bjørk. Slik er det også på nedsida kor det er kraftig tilvekst med einer og bjørk. Truleg har selbøen gått langt nedetter her og gradvis over i open beiteskog. Endringane i vegetasjonen på øvre del av selbøen og i skogen kring denne, kjem tydeleg fram på dei to oversynsbileta frå 1977 og 2009. Til tross for vantande beiting og attgroing, er det enno et stort sentralt område på selbøen som er i høvesvis god stand. Her er god grasvokster og variert flora, og sølvbunken har enno ikkje vorte alt for dominerande.



Det er oppslag av m.a. bregner, fjellmarikåpe og firkantperikum mange stader på selbøen.

Foto: M. Kvamme

Verdivurdering.

Selbøen på Rotteskaret utgjer eit særmerkt landskapselement i fjellsidene ovanfor Otterskred. Sjølv om den i dag syner teikn på vantande beite og delvis er attgrodd i øvre og nedre del, skil den seg klårt frå kringliggande vegetasjon. Den syner på ein dramatisk måte korleis ressursane i det brattlendte fjordlandskapet måtte nyttast. Stølen gjev eit viktig bidrag til mangfaldet i området. Rotteskaret synest godt på avstand og har høg opplevingsverdi både for dei som tek seg turen opp her og for dei som ferdast på fjorden.

Bjørk, einer, bregner og lyng kjem inn på selbøen nedanfrå.

Foto: M. Kvamme



Framlegg til tiltak.

Det er stor trong for meir beite på selbøen. Etter at stien opp frå Otterskred i 2010 er vøla er dette lettare å få til. Slått og brenning tidleg på våren vil truleg gje eit betre beite. Brenning på selbøen må gjerast med stor varsemd, og ein må først sikra selet med ei dugeleg (minst 5 m brei) branngate på alle kantar. Også i overkant av selbøen må ein sikra seg at ikkje brannen går vidare til fjells. I område med sølvbuketuer må dei fjernast med ryddesag. Dette er lettast å gjera like etter brenning. Utsetjing av saltstein både på øvre og nedre del av selbøen vil òg hjelpe. Men framfor alt er det trong for fleire dyr i området. Det er i dag neppe realistisk å få anna enn geit og sau opp her. Men ein hest eller to hadde gjort god nytte for seg i høve til sølvbunken. I tillegg til meir beiting er det òg trong for rydding av einer og bjørk i øvre del av selbøen og ein del skog i nedre del. Her vil det vera ein føremon å la einskildtre stå att så det vert eit ope parklandskap i bjørkeskogen.

35. Rotteskaret

Det ble registrert en bygning og to grunnmurer. Bygningen er et godt synlig sel i tilsynelatende god tilstand med torvtak (nybygd i 1998). Veggene er sannsynligvis oppført i reisverk, med umalt liggende og stående panel på hhv. innsel og utsel. Den ene grunnmuren ser ut til å ha vært et sel over fjøs. Tuften er noe gjengrodd (selet står no på Johalsen etter flytting på 1940-tallet). Rett sørvest for bygningen ligger en delvis tilgrodd mur. Denne er ikke med i registreringen fra 1977.

Ift. nevnte registrering er det gamle selet revet og erstattet med en ny bygning i reisverk og sperretak med torv.



36. Skjemmedalen.

Skjemmedalen er namnet på ein hengjande, brattlendt sidedal på vestsida av Finnaffjorden, rett opp for garden Finden. Fram på kanten av denne dalen, der landskaper stuper rett ned mot fjorden, hadde Finden heimestølen Skjemmedalen, 350 m o.h. Den var i drift fram til 1953. Selbøen vender mot nordaust, er på 3,5 daa og er særst bratt. Det ligg restar etter tre bygningar her.



*Oversyn Skjemmedalen i 1977.
Selbøen dominert av brennesle.
Fotokjelde: Hordaland
fylkeskommune.*

*Same utsyn 2009. Selbøen
dominert av sølvbunke.
Foto: S. Eiter, Skog og landskap.*



GPS-basert kartutsnitt over selbøen.



Vegetasjon.

Selbøen er i dag fullstendig dominert av sølvbunke med til dels kraftig tuedanning. Den er omgjeven av skog på alle kantar. Dette er blandingsskog av bjørk og gråor med furu på tørre ryggar. Det er spreidde oppslag av ulike ungtre inne på bøen. Andre vanlege artar er m.a. engsyre, skogburkne, revebjølle og grasstjerneblom. Det er spreidde oppslag av myrtistel, bringebær og brennesle.

Vegetasjonstilhøve på midtre del av selbøen. Begge foto: M. Kvamme



Tilstand og endringsprosessar.

Det er tydeleg at det er for lite beiting på bøen i dag. Det går geiter i området som er innpå her tidleg på våren, men

seinare på sommaren ser det ut til at dei føretrekk skogsbeite. Dette gjer at sølvbunke heilt har tatt over dominansen på selbøen, samstundes som myrtistel, bringebær og småtrær av bjørk, gråor og rogn etablerer seg. På Finden starta dei opp med moderne geitehald kring 1980. Då hadde Skjemmedalen lege ubeita sidan stølsdrifta tok slutt i 1953. I rapporten frå stølsregistreringane i 1977 er selbøen omtalt som "attgrodd med bringebærkjerr og brennesle". I dag er det lite att av bringebær og brennesle på bøen, og dette har truleg samanheng med beitinga til geitene. Samstundes ser det ut til at sølvbunke er mindre attraktivt for dei same dyra. Det er uvisst om geitene på sikt vil halda selbøen open, eller om den vil gro att, men på ein annan måte enn det som var tilfelle før 1980. Dei store endringane kjem tydelg fram når ein samanliknar oversynsbileta frå 1977 og 2009. Her ser ein òg kor mykje skogen kring stølen har vakse til på desse åra.



Verdivurdering.

Selbøen ligg ekstremt brattlendt til og er truleg den brattaste selbøen i Stølsheimen. Som landskapselement har den difor eit særpreg som gjer djupt inntrykk på den som klatrar opp her. Den er med på å skapa variasjon i det bratte fjordlandskapet. Bøen er godt synleg frå fjorden og er soleis òg ein viktig del av landskapsopplevinga i Finna fjorden.

Framlegg til tiltak.

Det er uvisst kva innverknad geitene vil ha på bøen i framtida. Så bratt som denne stølen ligg til, er det urealistisk å tilrå beite med andre dyreslag her. Sølvbunken vil nok halda seg stabil ei tid enno, men både tuedanning og oppslag av gjengroingsartar tyder på at den vil verta overgrodd på litt sikt. Det er uråd å seia om geitene på eit gjeve tidspunkt vil ta seg av dette, eller om dei vil føretrekkja anna beite. Dei har nok å ta av. For å lokka geitene meir inn på selbøen og samstundes stogga attgroinga, kan ein freista å brenna selbøen tidleg på våren og setja ut saltstein. Dette vil gjera det lettare å få vekk sølvbunken samstundes som ein hindrar framvekst av buskas. Ein lyt òg vurdera å slå bøen med ryddesag og fjerne graset. Dette kan verta vanskjeleg avdi bøen ser ut til å vera særst ujamn og steinrik.

Skjemmedalen er synleg på lang avstand. Den ligg som ei opning i skogen fram på den bratte ryggen om lag midt i biletet.

Foto: N. Kvamme

Skjemmedalen - bygningar

Det ble registrert rester etter tre bygninger som no er ruiner og noe tilgrodd. Veggene til innselene var laftet.

Ift. registreringen i 1977 har forfallet bare fortsatt til bygningene var ramlet helt ned.



37. Skjervheims-Grøndalen.

Denne stølen ligg 850 m o.h. midtveges mellom Svartavatn og Langavatn, der hovuddalen gjer ein stor sving. Den var ein av fleire fjellstølar for Skjervheimsgardane i Myrkdalen. Grunna lang stølsveg slutta nokre bruk med stølsdrift her alt mot slutten av 1800-talet, medan andre heldt fram til omlag 1950.

Selbøen ligg på ein nord-syd gåande tørr rygg, omgjeven av myr og sump. Den vart avgrensa til den mest grasrike delen av ryggen og utgjer 5,9 daa. Truleg har bøen tidlegare vore større og har omfatta meir eller mindre heile ryggen. På selbøen står det tre velhaldne stølshus, dessutan er her fire ruinar og spreidd over heile ryggen (særleg i øvre del) ligg det fleire tufter, nokre av dei kan vera førhistoriske.



*Stølen ligg fritt til på ryggen midt i biletet.
Foto: M. Kvamme.*

GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Vegetasjon.

Selbøen er gras- og lyngkledd. Dei dominerande grasartane er smyle, gulaks og sølvbunke. Av lyng veks her både blåbær og blokkebær. Andre vanlege artar er engsyre, svever, fjellmarikåpe, fjelltimotei, engkvein, fjellburkne og hestespreng. På fuktige parti veks trådsiv, slåttestorr, seterstorr og myrfiol.



Tilstand og endringsprosessar.

Sjølv om området framleis vert beita, er ikkje dette nok til å halda heile bøen i hevd. Lyng og fjellburkne har alt teke over på delar av ryggen, og det er tydeleg at dei òg er i ferd med å etablere seg vidare innetter på dei meir grasdominerte områda på sjølve selbøen. Men ettersom stølen ligg langt til fjells, går endringane langsomt.



*Øvre del av selbøen.
Foto: M. Kvamme*



*Delar av selbøen er prega av gulaks og smyle.
Foto: M. Kvamme*

*Selbøen er til dels artsrik med m.a.
hyppige førekomster av fjellsveve.
Foto: M. Kvamme*

Sølvbunke med byrjande tuedanning gjer mest av seg i skråningane kor det tidlegare har vore gjødselsig. Den vert delvis halden nede ved beite, men ikkje over alt. Får dagens utvikling halda fram vil selbøen på sikt verta dominert av blåbærlyng og fjellburkne, slik dalsidenkring er det i dag. Mindre parti med tuedannande sølvbunke vil enno ei tid stå att i skråningane på nedsida av husa.



*Attgroing med lyng på nedre del av selbøen.
Foto: M. Kvamme*

*Sølvbunke med byrjande tuedanning nedanfor husa.
Foto: M. Kvamme*





Verdivurdering.

Stølen framstår enno som eit viktig kultur- og landskapselement i dalen. Plasseringa er representativ for korleis gamle stølar vart lagde i denne type terreng. Sjølv om selbøen ikkje lenger har høgt nok beitetrykk, er den framleis variert og syner på ein instruktiv måte korleis stølsdrifta forma eit kulturlandskap i fjellet. Selbøen har klare autentiske og kulturhistoriske kvalitetar. Den har høg opplevingsverdi.

Oversyn nedover dalen. Foto: N. Kvamme

Framlegg til tiltak.

Selbøen ber preg av for lite beite, og den vil på sikt gro att med lyng og einer. Den lyt beitast sterkare enn i dag, helst både med sau og storfe. Utsetjing av saltstein sentralt på bøen vil truleg vera til hjelp, men det er òg turvande med fleire beitedyr i området.

Skjervheims-Grøndalen - bygningar

Det ble registrert tre bygninger, fire ruiner/tufter og spor etter 5-6 tufter oppe på plataet som utgjør stølstunet.. De tre bygningene befinner seg i tilsynelatende god stand. De tre bygningene er et fjøs, en hytte og et sel/hytte som muligens ble oppført på murene etter en steinbygning. Fjøset har både vegger og tak av stein, og det er bygget sammen med en av tuftene. Selet har de nedre delene av veggene av stein (lik fjøset ved siden av), men har blitt opphøyet med en reisverkskonstruksjon kledd med brunbeiset liggende panel. Denne bygningen har torvtak. Hytten er oppført i reisverk, kledd med svartbeiset liggende panel og også torv på taket. Av de resterende fire ruinene kan to ha hatt vegger av stein.

Fire bygninger ligger et stykke nedenfor tunet. To av disse er velholdte fritidsboliger, oppført i reisverk, kledd med hhv. brun- og rødbrunbeiset liggende panel og torvtak. Den tredje bygningen er en nyoppført utedo. Den er umalt og har tjærepapp på taket som forøvrig når helt ned til bakkenivå. Ned mot Langavatnet ligger et nyoppført naust , med torvtak helt ned i bakkenivå og endevegger med liggende kledning (ikke avbildet).







38. Smørklepp/Fidnaselbøen(10).

Smørklepp var støl for Vollevik og for Kyrkjeteigen. Den ligg oppe i skogslia over garden Vollevik, på 385 m o.h. Stølen vart nytta både som vår- og sommarstøl, frå byrjinga av mai til slutten av september. Tradisjonell stølsdrift tok slutt i 1957. Bruka i Finden hadde òg frå gammalt stølsrett på Smørklepp. Dei hadde sela sine på ein eigen bø som vert kalla Fidnaselbøen. Den ligg like søraust for resten av selbøen, berre skild frå denne med ein bekk. Finden har ikkje nytta Fidnaselbøen sidan 1909. Både i høve til skjøtsel og forvaltning er det i dag naturleg å handsama desse to selbøene som ein heilskap. Dei vender mot aust-nord aust, og dei utgjer til saman eit areal på 9,8 daa. På Smørklepp er det fire hus og ei tuft. På Fidnaselbøen er det to tufter.



*Smørklepp i 1977.
Fotokjelde:
Hordaland
fylkeskommune.*



Om lag same utsnitt i 2009. Foto: S. Eiter. Skog og Landskap.



GPS-basert kartutsnitt over selbøane Smørklepp og Fidnaselbøen (minst).

*Smørklepp sett frå Ytstestølen
Foto: N. Kvamme*

*Utsyn over Smørklepp og
Sognefjorden.
Foto: M. Kvamme*



*Under:
Øvre del av selbøen på
Smørklepp.
Foto: M. Kvamme*



Vegetasjon.

Dei to bøane er grasdominert med gulaks, engkvein og beita sølvbunke som dei vanlegaste grasartane. Eit anna dominerande innslag i vegetasjonen på begge bøane er til dels høgvaksen søyleleiner. Andre vanlege artar er kvitkløver, engsyre, revebjølle, brennesle, ryllik, høymol, engsoleie, tepperot, vrangdå, grasstjerneblom, firkantperikum og svever. På fuktige område veks m.a. slåtestorr, harestorr, myrfiol, myrtistel og seterstorr. I parti med

mykje einer har blåbær og tyttebær etablert seg. Her er det òg oppslag av fugletegl og skogburkne. Selbøane er omgjevne av furuskog, og nokre få småtre har spreidd seg inn på selbøane. På Fidnasselbøen har einstape invadert eit mindre område i nedkant.

Tilstand og endringsprosessar:

Då stølen var i drift vart området intensivt beita med kyr, geit, sau, hest og gris. For at dyra skulle få beite nok, må heile fjellsida mellom Eikeneset og Verpesneset ha vore eit stort samanhengande beitelandskap. Skogen må ha vore totalt ulik den som veks her i dag. Ei tid i mellomkrigstida vart det også hausta gras til vinterfor på selbøen. Restar etter eit steingjerde nedom selbøen har truleg samanheng med dette. Sjølv om stølsdrifta vart nedlagt på 1950-talet, vart kyrne framleis mjølka her oppe om somrane enno på slutten av 1970-talet. Her gjekk kyr på beite fram til 2002. Framleis går det sau på beite her. Selbøane er i dag i

høvesvis god hevd, men det er tydeleg at beitinga no ikkje er nok til å halda bøane ved like i framtida. Ser ein på oversynsbileta frå 1977 og 2009 har det funne stad store endringar. Søyleeineren står mykje tettare og har vorte meir høgvaksen. Bøen var større og meir grasrik enn i dag, og skogen kring stølen har òg vorte høgare og tettare (Sjå òg oversynsbilete frå Øvstestølen Vollevik).



Utsyn mot Fidnasselbøen frå Smørklepp.

Foto: M. Kvamme

Nordvestre del av selbøen på Smørklepp, om lag der biletet frå 1910-20 er teken.

Foto: M. Kvamme



*Invasjon av einstape på Fidnaselbøen.
Begge foto: M. Kvamme*



Verdivurdering.

Smørklepp og Fidnaselbøen utgjer eit samanhengande kulturlandskap med stor autensitet og opplevingsverdi. Selbøen er omgjeven av furuskog og skil seg tydeleg frå denne. Sjølv om beitetrykket i dag er for lågt, bidreg framleis stølsområdet til mangfald og variasjon i landskapet. Stølen er synleg langt innetter fjorden, og maktar ein å taka vare på desse selbøane vil det auke opplevingsverdien for alle som ferdast på fjorden.

Framlegg til tiltak.

Det må snarast setjast i gang med rydding av einer på Smørklepp/Fidnaselbøen. Søyelforma einer er med på å gi kulturlandskapet her særpreg og karakter, men i dag er det for mykje av han. Den må tynnast kraftig ut, i sær på Fidnaselbøen. Berre dei finaste eksemplara kan få stå att, og dei høgaste “einertrea” til liks med all buskforma einer må fjernast. Rydding skjer best med motorsag og forsvarleg brenning. I tillegg er det trong for meir beiting, sauene klarer i dag berre å halda deler av selbøen. Utsetjing av saltstein og meir dyr i området vil hjelpa.



Stølsliv på Smørklepp 1910-1920. Fotokjelde: Fylkesarkivet, Sogn og Fjordane.

Smørklepp - bygningar

Det ble registrert fire godt synlige bygninger og en tuft. Et sel over fjøs bærer preg av begynnende forfall, mens et annet sel, et fjøs og et mindre uthus virker sterkt forfallen. Selene og uthuset er oppført i laft og stavkonstruksjon, mens fjøset er utelukkende laftet. Selet med fjøskjeller og uthuset er delvis kledd med liggende panel, fjøset med metallplater og det andre selet med både liggende og stående panel og metallplater. Alle bygningene er umalte. Den femte bygningen er en noe gjengrodd mur.

Ift. registreringen i 1977 er det lite forandringer bortsett fra noe vedlikehold på selet med fjøskjeller under. Fjøset i laft, det andre selet og uthuset har hatt jevnt forfall. På fjøset råtner de nederste lafteplankene.





Fidnaselbøen - bygningar

Det ble registrert to sterkt gjengrodde tufter.



39. Solrenningane.

Dette var fjellstølen til gardane Sande, Tune og Brekke på sørsida av Sognefjorden. Tradisjonell stølsdrift tok slutt på 1930-talet, seinare har det vore eit varierende beitetrykk. Stølen ligg 665 m o.h. og har ein storslagen plassering på ein høvesvis tørr rygg ovanfor nordenden av Vøvringvatnet. Selbøen er vendt mot søraust og har eit areal på 8,5 daa. Øvre delen er nesten flat og her ligg det 8 bygningar og ein ruin. Nedre

del av selbøen er temmeleg bratt og steinete. Den er klart avgrensa mot omgjevnadene som er svært myrlendt og med omfattande bakkemyrdanning.



Solrenningane sett frå aust.

Foto: N. Kvamme

Under t.v.: Stølsliv i 1927.

Fotokjelde: Fylkesarkivet Sogn og Fjordane.

Under: Stølen i 1975.

Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune.

Nederst: Same utstyn 2009.

Foto: S. Eiter;

Skog og landskap.



Vegetasjon.

Selbøen er graskledd og dominert av sølvbunke. Andre vanlege grasarter på bøen er engkvein og gulaks, og i den bratte skråninga nedanfor bygningane står eit parti med krattlodnegras. Sentralt på bøen veks ugrasartar som kvassdå og krypsoleie, ellers er det òg jamne innslag av engsyre, grasstjerneblom, marikåpe og sveveartar i vegetasjonen. Det førekjem spreidde oppslag av bringebær, og i fuktige parti veks det storrartar og m.a. myrfiol.





GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Tilstandsvurdering.

Stølsdrifta tok slutt alt på 1930-talet, og beitinga gjekk mykje attende i etterkrigsåra. Dette førte til framvekst av småtre og buskar omkring og til dels på selbøen

(jmf. bileta tidleg 1900 og 1975). På 1970-talet vart området leigd ut som sauebeite. Dette hadde god innverknad på selbøen og til dels på attgroinga. Dei siste ti åra har det vore ei dramatisk reduksjon i beitinga, og krattskogen er no i ny framgang. Det meste av selbøen er overgrodd med høgvaksen sølvbunke med byrjande tuedanning.

Selbøen vert framleis noko beita, men alt for lite. Tuedanninga grip om seg og mykje dautt organisk materiale vert liggande att på selbøen kvart år. Dette vil over tid gje endringar i vegetasjonen. Ein art som bringebær har alt etablert seg på bøen nokre stader.



Beitetrykket på selbøen er i dag for lågt.

Foto: M. Kvamme



Det meste av selbøen er dominert av tuedannande sølvbunke.

Foto: M. Kvamme.



*Utsyn nedover dalen. DNT-hytte er synleg midt i bietet.
Foto: M. Kvamme*

*Under:
Utsyn oppover Vøvringdalen.
Dette var tidlegare ein verdfull beitedal. I dag veks skogen langt oppetter dalsidene. Berre myrpartia er opne.
Foto; M. Kvamme*

Verdivurdering.

Solrenningane utgjer eit viktig landskapselement med stor autentisk og heilskapleg verdi. Mange fotturistar har glede av dette kvart år, ettersom DNT har ei hytte om lag 400 m SV for stølen, og fleire av dei mest nytta rutene i Stølsheimen går her.

Framlegg til tiltak.

Det hastar å få opp att beitetrykket på Solrenningane. Fleire dyr i området kombinert med saltstein på bøen kan hjelpa på dette. Når det gjeld sølvbunke vil beiting med hest ha særleg god verknad. I tillegg vil slått midt på sommaren, like etter at sølvbunken har kome i blom, vera til god hjelp. Arbeidet lyt utførast med ryddesag slik at tuene kan kuttast så langt nede som mogeleg. Alt gras må fjernast. Brenning av daudt gras tidleg på våren kan òg bidra til å gjera selbøen meir attraktiv for beitedyra.

Dei tre stølane Solrenningane, Alrekstølen og Hanekamstølen ligg i same dalføret, Vøvringdalen. Dette har tidlegare utgjort eit samanhengande beitelandskap, og spora etter denne ressursutnyttinga er enno lett synlege fram etter heile dalføret, ikkje berre på stølane. Det har skjedd ein dramatisk reduksjon i beitetrykk dei siste 10-20 åra, og det fører til at viktige kulturbiologiske verdiar no held på å forsvinna. Skil desse landskapskvalitetane og opplevingsverdiane takast vare på, er det naudsynt å setja inn tiltak for å auka dyretalet og beitetrykket i heile dalføret.





*Solrenningane truleg kring 1930
Landskapet er prega av beiting og
vedhogst og har ein heilt annan
karakter enn i dag.*

Fotokjelde: Anders Brekke.

Fotorestaurering: Heidi Brekke.

*Mjølking på
selbøen.
Fotokjelde:
Anders Brekke.
Foto-
restaurering:
Heidi Brekke.*



*Foran fjøsdøra
var selbøen
heller gjørmete.
Fotokjelde:
Anders Brekke.
Foto-
restaurering:
Heidi Brekke.*

Solrenningane - bygningar

Det ble registrert åtte bygninger og en ruin. Bare en av disse, steinselet nederst mot nordøst er noenlunde original fra tiden med støling mens alle andre bygninger har fått forandringer som peker mer i retning av fritidsboliger. Alle virker i god stand, bortsett fra den minste som er oppført i stenderverk. Ruinen og tre av bygningene har vegger av stein. De resterende er sannsynligvis oppført i reisverk, og veggene er kledd med liggende panel. En av bygningene har i tillegg metallplater som kledning. Den sistnevnte bygningen har både metallplater og torv på taket, mens alle andre bygningene har torvtak. Veggene er helt eller delvis malt i ulike fargetoner.

Ift. registreringen i 1975 har de fleste bygninger fått store endringer. Aller mest den lengst sørvest som har gått fra komplett steinsel med torvtekking, til reisverk kledd i bord og metallplater. Der det var en flat tuft ved forrige registrering er det no en relativt liten bygning i reisverk. Ett steinsel er blitt et par meter lengre, og det som da var et steinsel uten tak er no en steinbygning. En noe utydelig ruin er blitt til en bygning i reisverk, og en forfallen ruin etter et steinsel er no en bygning i reisverk. Den relativt lange trebygningen har fått ny kledning og vinduer ned til gulvet. Det forfalne steinselet øverst mot nord er blitt til en ruin. En ny utedo og et naust er bygget på 1990-tallet.







40. Sylvarnesdalen.

Sylvarnesdalen er namnet på eit dalføre som går i retning vest/sørvest opp frå garden Sylvarnes. Inne i botnen av denne dalen, 580 m o.h. ligg stølen Sylvarnesdalen, som var sommarstøl for bruka på Sylvarnes. Tradisjonell fast stølsdrift tok slutt i 1950, men i stuttare tidsbolkar vart den fleire gongar på 50- og 60-talet teken opp att med avgrensa omfang. Selbøen ligg på ei flat slette avgransa av elva på eine sida, ein bekk på andre sida og myr i bakre kant. Den heller svakt mot nordaust og utgjer eit areal på 4,4 daa. Her ligg det 2 stølshus og ei tuft. Like nordaust for bekken ligg murane etter eit sel som datt ned i



1965, i eit område som tidlegare må ha vore ein del av selbøen. I skråninga vest for myra på vestsida av selbøen ligg det strukturar som kan vera førhistoriske tufter.

Oversyn sett frå søraust.

Foto: M. Kvamme

Under til venstre:

Oversyn sett frå nord 1977.

Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune

Under til høgre:

Same utsyn 2009.

Foto: S. Eiter, Skog og landskap.



GPS-basert kartutsnitt over selbøen.



Vegetasjon.

Selbøen er graskledd med engkvein, sølvbunke og finnskjegg som dei vanlegaste grasartane. Andre vanlege artar er engsyre, tepperot, kvitkløver, engsoleie, tunrapp, ryllik, firkantperikum, brennesle og vrangdå. På mindre parti ved steinar o.l. veks det blåbær, krekling, fjellmarikåpe og fjellburkne. Langs kanten av myra og i andre fuktområde står slåttestorr, stjernestorr og

harestorr. Det veks mykje einer langs elva, men den har so langt ikkje spreidd seg særleg innerter på bøen.

Tilstand og endringsprosessar.

Selbøen vert framleis beita av sau, og tidvis av storfe og hest. Det ligg saltstein i begge endar av selbøen, og dei medvirkar til at her er vegetasjonen særleg godt beita. Bøen er jamnt over i god hevd, på vestsida av det eine selet har sølvbunken teke over, men den vert delvis halde nede av beite og har ikkje utvikla tuer i nemnande grad.

Samstundes er det lett å sjå at selbøen tidlegare har vore større. Nordaust for bekken er ein rygg som er heilt overgrodd med einer kor det tidlegare sto eit sel. Vest for selbøen ligg eit myrdrag, og vest for dette ligg ei skråning som òg er heilt tilgrodd med



Stølen sett frå nordaust. Foto: M. Kvamme



Selbøen, utsyn mot sørvest. Foto: M. Kvamme



Tidligere del av selbøen i nordaust med rester av sel. Foto: M. Kvamme



einer. Dette ser ut til å vera gamal beitemark. Det står mykje einer i kanten av selbøen langs med elva, men inne på sjølve bøen vert den beita ned. Oversiktsbileta frå 1977 og 2009 syner at skogen på andre sida av elva har gått mykje fram på desse åra. Sjølv om selbøen er i rimeleg god hevd, er soleis attgroingstrykket frå omgjevnaden stort.

Utsyn mot fjorden 2009. Foto: M. Kvamme



*Utsyn mot fjorden 1916.
Fotokjelde: Fylksarkivet
Sogn og Fjordane.*



*Støsliv 1940.
Fotokjelde: Fylksarkivet
Sogn og Fjordane.*

Verdivurdering.

Sylvarnesdalen ligg vakkert til og gjer at landskapet vert meir variert. Selbøen er godt beita og utgjer saman med bygningane ein autentisk og instruktiv heilskap med stor kulturhistorisk og landskapsfagleg verdi. Stølen har høg opplevingsverdi.

Framlegg til tiltak.

So lenge dagens beitebruk held fram er det lite trong for tiltak her. Litt høgare beitetrykk hadde ikkje skada. Rydding av einer i randsonene langs elven vil vera ein fordel. Likeeins gjeld dette i skråningane sør for selbøen der det kunne observerast minst ei gamal tuft, og på ryggen nord for selbøen der det står murar etter ein bygning.

Sylvarnesdalen - bygninger

Det ble registrert to bygninger, en mur og en tuft. Bygningene er sel med fjøskjeller og påbygd store fjøs som forlengelse av selet. Begge er i relativt god stand. Selet mot øst har et mindre påbygg ved inngangen. Selene er oppført i hhv. laft på innselet og stavkonstruksjon på utselet. Det ene selet er kledd med liggende panel, mens det andre er delvis kled med det samme på innselet og med stående panel på utselet. Også fjøsene og uthuset er kled med stående panel, det ene fjøset med metallplater i tillegg. Alle bygningene er umalte, bortsett fra deler av det ene fjøset som er malt grå. Ett sel, ett fjøs og uthuset har torvtak, mens takene på den andre bygningen er tekt med metallplater. En lite synlig tuft ligger nedenfor selene nær en liten bekk. På andre side av bekken opp på en rygg ligger en tydelig mur..

Ift. registreringen i 1975 er forandringen i hovedsak at bygningen mot øst har fått torvtak istedenfor metallplater.





41. Søtebakkane tuft.

Dette er ei tuft i øvre del av Torvedalen rett innunder Søtebakkane. Det kan vera restar etter ein gamal sommarstøl Sausjord skal ha hatt i området. Det er ingen teikn etter selbø eller annan bruk av området ved tuften.



Oversynsbilete Søtebakkane. Foto: N. Kvamme



*Tuft Søtebakkane.
Foto: N. Kvamme*

42. Tausavollen.

Dette er ei tuft som ligg nederst i Raudbergdalen, 880 m o.h. Ein trur at dette var den opphavslege plasseringa for stølen i Raudbergdalen. Det er ingen spor etter selbø eller andre kulturlandskapselement på staden.



Tausavollen ligg på ryggen til venstre for elva. Foto: N. Kvamme



Tuft Tausavollen. Foto: N. Kvamme.

43. Torvaldsreset.

Tett inntil turistløypa litt vest for Hallsetstølen ligg det to tufter, ein på kvar side av stien. Det går segn om at dette var den opphavelge plasseringa av Hallsetstølen. Det er ingen spor etter selbø eller spesiell beitepåverknad av vegetasjonen på staden.

*Tuft på sørsida av stien. Den er lite markert i terrenget.
Foto: M. Kvamme*



*Tuft på nordsida av stien. Den ligg inntil fleire steinblokkar.
Foto: N. Kvamme*



44. Torvedalen.

Stølen i Torvedalen (Stranda-Torvedalen) låg midt på Torvedalstjørni, 810 m o.h., like ved der det i dag ligg ei DNT-hytte. Dette var sommarstøl for nokre av gardane på Sundve. Stølsdrifta tok tidleg slutt, truleg før 1940. Selbøen ligg nederst i skråninga på nordsida av vatnet og er avgrensa av elva/vatnet, myrsig og andre naturlege avgrensingar på sidane og overgang til brattare terreng i bakre kant. Totalt areal er på 5,3 daa. Det er mogleg at stølen opphavelg har lege lenger nede i dalen (sjå 29. Nedste Torvedalen).



*Austre del av selbøen sett frå vest.
Foto: S. Eiter, Skog og landskap.*

GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Vegetasjon.

Bøen er lyng og graskledd med mykje sølvvier. Dei vanlegaste grasartane er smyle, gulaks, finnskjegg og sølvbunke. Av andre artar kan nemnast engsyre, grasstjerneblom, engsoleie, småmarimjelde, svarttopp, fjellmarikåpe, harerug, småengkall, tepperot og svever. Av lyngartar er blåbærlyng dominerande, men her veks òg blokkebær og røsslyng, dessutan fjellburkne, bjønnekam og hestespreng. Store delar av bøen har tydeleg fuktpreg og over halve bøen er



overgrodd med sølvvier. I desse partia veks ellers trådsiv, stjernestorr, myrfiol, seterstorr, fjelltistel og duskull. Det er eit visst oppslag av både einer og bjørk på bøen, men dei er ikkje dominerande slik som vieren.

Turisthytta ligg på ein tange ut i vatnet sørvest for selbøen.

Foto: M. Kvamme

Tilstand og endringsprosessar.

Selbøen vert lite eller ikkje beita i dag. Vegetasjonen er uvanleg variert og framfor alt prega av mykje fukt. Dette kjem tydeleg fram av all vieren som veks over det meste av bøen. Det høge fuktinnhaldet kan ha samanheng med at vatnet er konstant oppdemma. Det er mogleg at det har innverknad på grunnvasstanden på bøen og dreneringa frå fjellsida over. Det veks gras over det meste av bøen, men berre mindre avgrensa område er dominert av grasvegetasjon. Lyng (blåbær og røsslyng) er i ferd med å ta over på tørre delar av bøen.



Selbøen sett mot vest.

Foto: M. Kvamme



Til venstre og under:

Berre i mindre område kan ein enno sjå spor etter tidlegare beiting.

Begge foto: M. Kvamme

Verdivurdering.

Denne stølen fungerer i dag som eit knutepunkt for fotturismen i denne delen av Stølsheimen og ber preg av det. Selbøen er mykje tilgrodd og har langt på veg endra karakter. Den framstår ikkje like tydeleg som mange av dei andre selbøane i området. Såvel vantande beite og endra hydrologiske tilhøve gjer at det er lite att av dei opphavelige landskapskvalitetane på stølen.



Framlegg til tiltak.

Endringane på selbøen har kome so langt at det vil vera vanskjeleg å føra den attende til slik han var. Auka beite vil likevel ha positiv effekt på vegetasjonen, særlig hvis det samstundes vert rydda vekk buskas av vier, einer og bjørk.

Torvedalen - bygningar

Det ble registrert to murer på stølen. Disse er noenlunde godt synlige ruiner, ett sannsynligvis fjøskjeller under sel av treverk, det andre etter sel med vegger av stein.



45. Tuftene.

Tuftene ligg på ei flate i høgfjellet 1000 m o.h. rett opp frå Otterskred. Staden ligg ved stølsvegen mellom Rotteskardet og Hestfjellet. Dette har vore sommarstøl for bruk på Otterskred, men den vart nedlagt midt på 1800-talet. I dag står det ei ny bu oppå dei gamle murane. Det er ingen eigentleg selbø på staden.



Foto: N. Kvamme

46. Vatnane.

Vatnane var fjellstølen for dei bruka på Nese som nytta Rosete som mellomstøl. Stølen ligg på snaufjellet vest for Indrefjorden, 900 moh. i ein vid dal som stig slakt mot nordaust frå Vatnavatni. Vatnane var kjend for å ha særst gode beite. Stølsdrifta tok slutt i 1966, men framleis går det sau på beite i området.

Selbøen ligg på ein låg, nesten flat rygg i dalbotnen. Her står det i dag to originale stølshus, 6 andre bygningar og minst tre grunnar etter eldre stølshus. Ryggen er omkransa av myr i nord og vest, medan det på austsida renn ei lita gro. Selbøen er likevel fleire stader vanskeleg å avgrensa då vegetasjonen vekslar mellom tørr grasvoll, fuktig grasmark og myrvegetasjon. Arealet til bøen vart oppmålt til 7,9 daa. Dalsidene rundt er prega av lågalpin blåbærhei med einer på tørre rabbar.

Vatnane sett frå aust 1975.

Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune.

Same utsyn 2009.

Foto: S. Eiter, Skog og landskap



Vegetasjon.

På den graskledde selbøen er sølvbunke det vanlegaste graset, men andre artar som gulaks, engkvein og tunrapp gjer og mykje av seg. Andre vanlege artar er engsyre, engsolei, ryllik og skogstjerne. På fuktige parti dominerer starrartar og torvull. Selbøen er langstrakt med varierende fukt- og jordbunnstilhøve. Dette gjer at vegetasjonen er lite homogen, men han skil seg klårt frå omgjevningane med eit høgare grasinnhald.

Stølen sett frå sørvest.

Foto: M. Kvamme

Tilstand og endringsprosessar.

Beitetrykket fram til no har vore tilstrekkeleg til å halda selbøen i rimeleg bra hevd. Samanlikna med oversynsbilete frå 1977 ser den ut til å vera like godt beita no som då, og det er inga klare teikn på byrjande attgroing inne på sjølve selbøen. Ei medverkande årsak til dette kan vera at det er



sett ut saltstein sentralt på bøen. I omgjevnadene til stølene er det derimot ei klar endring. Der det for 30 år sidan framleis var grasprega vegetasjon, har i dag lyng og noko einer teke over. I lia nedenfor stølen er det tydeleg at skogen er på veg oppetter.

GPS-basert kartutsnitt over selbøen.



Sentralt plassert saltstein bidreg til eit turvande beitetrykk for å halda selbøen i hevd.

Begge foto: M. Kvamme

Verdivurdering.

Vatnane er typisk og representativ for høgjellstølane i Stølsheimen. Bygningane er tekne vel vare på, og selbøen er godt beita. Sjølv om stølsdrifta vart nedlagt for meir enn 40 år sidan, framstår miljøet på stølen som autentisk og har stor opplevingsverdi. Dette er viktig avdi eit av sela er omgjord til DNT-hytte (på ein smakfull måte), og Vatnane fungerer som innfallspport til denne delen av Stølsheimen.



Framlegg til tiltak.

Så lenge beitetrykket vert vidareført på dagens nivå er det ikkje naudsynt med andre tiltak for å halda selbøen i hevd. Randsonene rundt selbøen ber tydeleg preg av å ha vore beita meir tidlegare, og rett nede i dalsida kjem skogen krypande oppetter. Det vil difor vera ein føremon med meir dyr på beite i området totalt sett for å halda landskapet ope.



Vatnane sett frå nord. Her er skogen i ferd med å krypa langt høgre opp i fjellsia enn stølen. Foto: N. Kvamme.



Stølsliv ein gong mellom 1900 og 1920. Fotokjelde: Fylkesarkivet Sogn og Fjordane.

Vatnane - bygningar

Det ble registrert seks bygninger, to ruiner og to tufter. Fire av bygningene er av typen sel over fjøs, ett sel uten kjeller og en nyere hytte. På 1990-tallet ble ett sel restaurert og ombygd til turisthytte. Bygningstypen til tuftene er ikke gjenkjennelig. Ruinene var bygd som sel av stein. Det ene ble restaurert parallelt med registreringen. Alle bygningene virker i god stand, bortsett et av selene med fjøskjeller som viser tegn til begynnende forfall. Alle bygningene er forøvrig godt synlige, mens tuftene er noe gjengrodd. Fem av de seks stående bygningene er kledde med liggende panel, mens et sel (under rehabilitering) har vegger av stein. Veggene på fire av trebygningene er helt eller delvis malte eller beiset, i hhv. grå, svart og grønt, et annet sel med fjøskjeller er mørkbeiset. To sel har metall på taket, mens de to andre har torvtak. Dette gjelder også hytten. Taket på turisthytten er tekt med tjærepapp.

Alle bygningene unntatt hytten ble registrert i 1977. Ift. denne registreringen er forandringene delvis store. Hytten ble bygget høsten 1977, en av ruinene den gang er no grunnmur for en bygning i reisverk med torv på taket, ett gammelt sel er revet og bygd opp igjenn som turisthytte og ruinen lengst nordøst er restaurert som uthus. Selet lengst sørvest har fått restaurert kjellermurene. Selet lengst nordøst ble restaurert under forrige registrering og restaurert på nytt i 2009.







47. Vindhalsen.

Vindhalsen var fjellstøl for garden Stavedalen. Den ligg 595 m o.h. frampå ein bratt rygg like aust for garden, med fritt utsyn både innover og utover Sognefjorden. Stølsdrifta tok slutt i 1935. Selbøen er på 6,6 daa og heller mot nordaust. Den er på to sider avgrensa av stup, ellers er den avgrensa av bjørkeskog som i dag òg veks i lia over stølen. Det ligg restar etter tre bygningar på selbøen. Tilkomsten til stølen er vanskjeleg.



Vindhalsen i 1977 sett frå sør:

Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune.

Under:

Om lag same utsyn 2009.

Foto: N. Kvamme

Vegetasjon.

Dei viktigaste grasartane på bøen er sølvbunke, gulaks og engkvein. Andre vanlege arter er engsyre, tepperot, engsoleie, svever, hårfrytle, trådsiv, fjellburkne og fjellmarikåpe. Eller veks det mykje lyng på bøen, først og framst blåbær, men og noke blokkebær og krekling. Over halve selbøen er overgrodd med buskforma einer.



Tilstand og endringsprosessar.

Selbøen ser ikkje ut til å ha vore mykje nytta etter at stølsdrifta tok slutt. Bjørkeskogen breier

seg i dag langt ovanfor stølen, men òg innerter på selbøen. Det er ikkje teikn til beite av husdyr, og mykje av selbøen er i ferd med å gro att med einer og bregner. Ut frå bileta kan det sjå ut til at denne utviklinga har auka monaleg dei siste tretti åra. Framleis er det likevel område kor grasvoksteren held seg godt, særleg der det er god jord og på dei mest vindeksponerte partia. Sølvbunke med kraftig tuedanning er her eit framtrudande trekk, især på fuktig grunn. Det er tydeleg at lyng og einer er i ferd med å ta over på tørr, skinn grunn, medan områda med sølvbunke er i ferd med å verta sumpmark med oppslag av vierbusker. Ulike bregner som fjellburkne og smørtelg er i ferd med å ta over på tørr grunn med god jord.



GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Attgroing med einer er i ferd med å ta fullstendig overhand på selbøen. Samanlikna med biletet frå 1977 ser denne utviklinga ut til å ha skote fart dei siste tretti åra. Begge foto: M. Kvamme



Verdivurdering.

Vindhalsen er ein av dei mest særprega stølane i Stølsheimen. Den ligg som eit landemerke i fjellsida sett frå fjorden, og utsikten er storslagen. Trass i vantande beite gjennom lang tid, skil selbøen seg framleis frå den omgjevande bjørkeskogen og utgjer eit særmerkt

landskapselement. Det er lett å skjønna korleis stølen må ha sett ut den tida den var i drift. Stølen gjer eit sterkt inntrykk slik den ligg til og med sin vanskelege tilkomst. Den har sær stor opplevingsverdi.



Trass i attgroinga er det enno store grasparti att på delar av selbøen.

Foto: M. Kvamme

Utsynet frå Vindhalsen er formidabelt. Den flate ryggen er avgrensa av stupbratte fjellsider.
Foto: M. Kvamme



Framlegg til tiltak.

Skal selbøen attendeførast må det ryddast einer, og hvis det vert tørt nok vil det truleg ha god effekt på vegetasjonen å brenna heile bøen tidleg på våren. Sølvbuketuer lyt kappast med ryddesag. Det er framfor alt naudsynt å få dyr på beite i området. Diverre er tilkomsten til stølen så bratt og vanskeleg at det synest urealistisk å tilrå tiltak på stølen.

Vindhalsen - bygningar

Tre ruiner er registrert. Minst en av disse har vært kjeller under et sel.

Ift. registreringen i 1977 har restene av treverk nesten forsvunnet og ruinene grodd noe mer til.



48. Vindheim.

Vindheim var heimstøl for bruca på Hanekam. Den ligg på 445 m o.h. på ei lita flate i skogsliene over garden. Stølsdrifta tok slutt i byrjinga på 1950-talet. Selbøen er avgrensa av myr og skog, og den vender mot nordvest. Den utgjer 2,1 daa, og her ligg det eit stølshus og to ruinar/bygningsrestar.



Oversyn Vindheim 1977.

Fotokjelde:

Hordaland fylkeskommune.

Under:

Oversyn 2009. Opphavelag utsyn umogeleg å fotografera.

Foto: N. Kvamme

Vegetasjon.

Selbøen er prega av sølvbunke med byrjande tuedanning. Andre vanlege arter er gulaks, engkvein, finnskjegg, engsyre, kvitkløver, tepperot, fjellmarikåpe, engfrytle og svever. Det er oppslag av einer, bjørk, myrtistel og brennesle inne på bøen. I fuktige parti vekst m.a. seterstor, trådsiv, harestor, slåttestor og myrfiol. Blåbær, blokkebær og skogburkne finst særleg langs kantane, medan tyttebær er vanleg på berg og stader med skrinn jord. Stølen er omgjeven av skog på alle kantar, mest furuskog på nedsida medan bjørk er dominerande treslag i lia ovanfor.



*GPS basert kartutsnitt over
selbøen.*

Tilstand og endringsprosessar:

Selbøen syner klare teikn på vantande beite. Sølvbunken vert ikkje halden nede og har totalt teke over som det dominerande graset. Stølen ligg i eit myrlendt landskap og vert difor lett utsett for forsumping. Det ser ut til å vera gode tilhøve for ein art som myrtistel. Attgroing med einer, bjørk og rogn er tydeleg langs kantane, men dei har òg byrja å slå opp midt inne på bøen. Likeeins kjem lyngmarka fleire stader krypande innetter på selbøen.



Verdivurdering.

Stølen har framleis ein viss opplevingsverdi, og den bidreg til mangfaldet i desse skogsliaene. Den er typisk for små heimestølar nede i skogen. Det er lett å sjå at denne stølen har hatt fleire kvalitetar tidlegare, særleg knytt til randsona som no har grodd heilt att. Det er fin utsikt frå stølen.

*Bjørk og einer kryp innetter selbøen
frå fleire kantar.
Foto: M. Kvamme*



Framlegg til tiltak.

Skal selbøen attendeførast til høveleg standard, er det turvande med omfattande rydding av einer og småskog på bøen og særleg langs kantane av denne. I tillegg vil det vera ein føremon å slå den årleg med ryddesag i nokre år. Alt som vert slått og rydda må fjernast frå bøen. Ein føresetnad for iverksetjing av tiltak her, må vera at ein får beitedyr attende på bøen. Utan eit kraftig beitetrykk vil det vera nyttelaust å setja i verk andre tiltak slik denne stølen ligg til.

Vindheim - bygningar

Det ble registrert en bygning og to tufter/ruiner. Bygningen, sel over fjøs, er godt synlig og er i god tilstand. Veggene er til dels lafte- og til dels stavkonstruksjon og kledd med liggende panel malt i rødbrunt. Det er metallplater på taket. Dette er den eneste bygningen i registreringsområdet hvor fjøset under selet er i treverk. Trappen i stein opp til selet er også bemerkelsesverdig, selv om den no er lavere enn originalt! Ruinene viser rester av lafting, etter to sel.

Ift. registreringen i 1977 er bygningen (og trappen) senket noe ved at kjelleren er gjort lavere. Ny kledning.



49. Vårstølen Geithus.

Denne stølen er det lite att av. Berre ein del av grunnmuren står att av bygningen. Selbøen er for ein stor del overgrodd av bjørkeskog. Den kan ikkje seiast å ha nokon nemnande verdi, og det kan ikkje forsvarast å tilrå tiltak her.



Vårstølen Geithus 1977.

Fotokjelde:

Hordaland fylkeskommune

*Same utsyn 2009.
Foto: N. Kvamme.*



Restar av grunnmur.

Bjørkeskogen veks tett på den gamle selbøen.

Foto: N. Kvamme

50. Ytstestølen Geithus.

Dette var fjellstølen for dei to bruka på Geithus. Den ligg fritt på ein avsats i det bratte fjordlandskapet, 583m o.h., over Lindeneset inn mot Finnafjorden og er godt synleg frå fjorden. Selbøen vender mot nord og er på 14,6 daa. Den er avgrensa mot skog på alle sider. Stølsvegen er halde i god stand. Stølsdrifta tok slutt kring 1970, den siste tida var det ein rein geitestøl. På selbøen ligg det to stølshus og ei mogleg tuft. Her har ikkje vore regelbunden beiting etter at stølsdrifta tok slutt.

*Oversikt Ytstestølen 1975.
Landskapet enno høvesvis
snautt.*

*Fotokjelde: Hordaland
fylkeskommune.*



*Same utsyn 2009.
Foto: S. Eiter,
Skog og landskap.*

Vegetasjon.

Selbøen er stor og variert. Deler av den er graskledd, og den dominerande grasarten er sølvbunke med moderat tuedanning. Andre grasarter er gulaks og engkvein. Ellers veks det m.a. engsyre, krypsolei, brennenesle, fjellmarikåpe, fjellburkne, turt, trollurt og lyngartar som blokkebær, blåbær og krekling. På fuktige parti veks harestorr og myrfiol. Ellers veks det bringebær og einer over store delar av bøen.



*Parti av selbøen 1975
Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune*



*Same utsyn 2009
Foto: S. Eiter, Skog og landskap.*



GPS-basert kartutsnitt over selbøen.

Tilstand og endringsprosessar:

Selbøen ber preg av at her har vore lite eller inkje beite gjennom dei siste 40 åra. Om lag halve bøen er i ferd med å bli heilt overgrodd med einer, høgvakse i utkantane og meir krypande og lågvakse

lengre innpå bøen. Store parti er dessutan prega av bringebærkratt. Dette er særleg der det tidlegare var mykje brennesle. Dette kjem tydeleg fram når ein samanliknar bileta frå 70-talet med dagens bilete. På øvre del veks bjørkeskogen opp inne på bøen. På dei eldre bileta ser ein tydeleg at selbøen har vore større enn i dag.



*Munter stund på
Ytstestølen 1947.
Selbøen er beita og i god
hevd. Det er ikkje skog
ovanfor selet.
Fotokjelde:
Fylkesarkivet Sogn og
Fjordane.*

*Selet fotografert i 1975 frå
om lag same stad som i 1947.*

*Bøen er overgrodd med
brennensesle, og bak selet er
det oppslag av ungskog.*

*Fotokjelde:
Hordaland fylkeskommune.*



Til venstre:

*Same utsyn som over teken
vinteren 2010. Ungskogen frå
1975 har vorte høgvaksen.*

Foto: N. Kvamme.

Under:

*Same selet fotografert i 2009.
Der det i 1975 vaks brennensesle
veks det no bringebær. Dette er
typisk for utviklinga på
næringsrik jord.*

Foto: M. Kvamme.



Verdivurdering.

Sjølv om selbøen er mykje
attgrodd med einer og
bringebærkratt, skil den seg
framleis tydeleg ut frå den
kringliggjande bjørkeskogen. Den
er difor viktig for mangfaldet i
området. Den er autentisk og
representativ for mange av
stølane på sørsida av fjorden, og
syner på ein instruktiv måte kor
viktig beiteressursane har vore for
busetnaden her. Stølsvegen er
halden i god stand. Stølen har stor
opplevingsverdi både sett frå
fjorden og for dei som tek seg
opp her.

Sølvbuketuer dominerar sentrale delar av selbøen.

Foto: M. Kvamme



Attgroing med einer, skogburkne og bringebær er vanleg over hele selbøen.

Foto: M. Kvamme

Framlegg til tiltak.

Det lyt vera eit mål å stogga attgroinga og få attende ein grasdominert selbø som vert beita. For å få dette til må først og fremst all einer og småskog kappast ned og fjernast. Ein kan vurderer å turka einerbuskane på staden og brenna dei for å redusere ny tilvekst av skudd frå røtene. Det er og turvande å slå selbøen med ryddesag for å få vekk bringebærkratt, brennnesle m.m. Alt som vert slått må fjernast frå bøen. Likeeins er det viktig å slå sølvbunken og kutta tuene så langt nede som råd er. Det vil vera best å slå i byrjinga av juli, når sølvbunken har kome i blom. Dei fyrste åra kan det vera naudsynt å rydda bringebær og brennnesle to gongar kvar sommar. Brenning av daugras og anna overflødig biomasse tidleg på våren kan òg tilrådest. Dette må gjerast med varsemd i høve til bygningane. Det er stor trong for å få attende beitedyr i området. Alle moglege tiltak for å få dette til må vurderast.

Ytstestølen Geithus - bygningar

Det ble registrert to bygninger som var et sel over fjøs, et fjøs og en mulig tuft. Selet er godt synlig, men er i begynnende forfall. Veggene er til dels laftet og til dels av annen konstruksjon. De er delvis kledde med liggende og stående panel som igjen delvis er brunmalt. Det er metallplater på taket. Fjøset har vegger av stein og metallplater på taket. Tett tak men vegger i sterkt forfall.

Ift. registreringen i 1977 er både selet og fjøset mer forfallent.




51. Øvstestølen Indrefjord.

Det er ein nordaust – sørvest orientert rygg som ligg øvst i den bratte fjellsida ovanfor Negardstølen. Her ligg det fleire tufter overgrodd med blåbærlyng. Dei vert haldne for å vera restar etter den opphavelige Negardstølen, eller ein tilleggstøl til denne. Det er ingen kjent skriftleg omtale av ein slik støl, og heller ingen tradisjonar knytt til bruken av staden. Ryggen ligg 835 moh., og her flatar terrenget noko ut og vert mindre bratt vidare innetter fjellet.



*Tuftene ligg på den vetle skogkledde ryggen til venstre for snølegeret i forgrunnen.
Foto: M. Kvamme*

GPS basert kartutsnitt som syner plasseringa av tuftene i høve til Negardsstølen.



Vegetasjon.

Det er ingen selbø knytt til tuftene. Ryggen er kledd med bjørkeskog, vierkratt og noko einer. Den ligg nær skoggrensa, og skogen ber preg av stor snøtyngd. Omgjevnadene til ryggen er prega av myr og snølege.

Tilstand og endringsprosessar.

Vegetasjonen syner i dag liten påverknad etter tidlegare stølsdrift eller beite. Det kan likevel sjå ut som om skogen er litt yngre ved tuftene enn elles i området. Her er også eit høgare innhald av gamal einer. Dette kan vera restar etter attgroing i eldre tid rundt tuftene.

Verdivurdering.

Som kulturlandskap har staden liten verdi slik den ligg i dag. Tuftene er knapt synlege for vanlege folk, og det kan ikkje påvisast spor i vegetasjonen etter tidlegare bruk. Så lenge det ikkje ligg føre meir kunnskap om alder og bruk, har staden heller ikkje særleg stor informasjonsverdi.



Over:

Tuft. Sekken ligg i det eine hjørnet.

Foto: M. Kvamme

Tuftene er i dag heilt overgrodd og vanskjeleg å sjå.

Foto: M. Kvamme

Framlegg til tiltak.

Sjølv om tuftene er lite synlege i dag, er dei ikkje vanskeleg å finna for fagfolk. Det låg ikkje i vårt mandat å gjennomføra ein totalregistrering i 2009, men det vil vera ein stor føremon om dette vert gjort i samarbeid med kulturstyresmaktene. Det vil og vera mogeleg for dei å få ein indikasjon på alderen. Med meir kunnskap om tuftene, vil det vera meiningsfullt å rydda vekk skog og kratt for å gjera dei lettare å sjå, ettersom dei ligg like attmed stien. Ved å fjerna trea frå tuftene stoggar ein òg røtene sin øydeleggende verknad på strukturen til tuftene.

52. Øvstestølen Vollevik.

Dette var ei tid sommarstøl for Vollevik. Den ligg 675 m o.h. Øvstestølen var truleg ikkje lenge i bruk og vart nedlagd omlag 1925. Det er ingen definerbar selbø i området, men her ligg ein bygning frå 1976 (eit istandsett gamalt sel) og ein ruin. Området er steinut og brattlendt.



*Utsyn mot Øvstestølen.
Foto: N. Kvamme*

Vegetasjon.

Att med den ståande bygningen er det fuktig grasmark med smyle, finnskjegg, blåbær, blokkebær, fjellburkne, bjønnskjegg og torvull. Vegetasjonen kring ruinen er heilt overgrodd med sølvvier, blåbær og bjørk.



Vegetasjonen i området er lite prega av beiting i dag.

Foto: M. Kvamme



Stølen ligg brattlendt til med vid utsikt.

Foto: M. Kvamme



*Utsyn nedover lia i 1977. Selbøen på Smørklepp er godt synleg.
Fotokjelde:
Hordaland fylkeskommune.*



*Om lag same utsyn i 2009. Skogen nedanfor selet har vakse høgare og tettare, og lengre nede har selbøen på Smørklepp vorte mykje mindre.
Foto: M. Kvamme.*

Tilstand og endringsprosessar:

Det som kan ha vore av selbø i området er i dag ikkje lenger mogeleg å påvisa. Den er overgrodd med vier, bregner og bjørk. Bakken er prega av forsumping. Det er ikkje spor etter beitepåverknad av vegetasjonen i området, og skoggrensa er tydeleg i ferd med å krypa oppetter lia.

Verdivurdering.

Området kan vanskeleg seiast å ha nokon landskapsfagleg verdi.

Framlegg til tiltak.

Det er ikkje fagleg grunnlag for å gjera tiltak her.

53. Øvste Sylvarnesdalen.

Dette er spor etter minst tre tufter som ligg vel ein km vidare innover Sylvarnesdalen opp frå stølen. Dei kan vera førhistoriske. Det er ikkje spor etter selbø eller spesiell beitepåverknad av vegetasjonen i området.



*Landskapet der tuftene ligg.
Foto: M. Kvamme*

GPS basert kartutsnitt der tuftene i Øvste Sylvarnesdalen er innteikna i høve til selbøen og mogelege tufter vest for denne.



*Godt synleg tuft i Øvste Sylvarnesdalen.
Foto: M. Kvamme*

54. Åkreviktuftene.

På nordsida av utløpsosen i nordvestre ende av Budeievatnet ligg det fire tufter på ein rygg i landskapet. Tre av dei ligg samla, medan den fjerde ligg litt lengre unna. Dei er heilt overgrodde med lyng, berre svakt markert i terrenget, det er ikkje særskilde spor etter beitepåverknad knytt til tuftene og det er ingen kjend tradisjon om kva dei har vore nytta til. Ut frå utsjånad og plassering i terrenget kan dei vera frå førhistorisk tid, dvs. frå Mellomalder eller eldre. Liknande tufter er m.a. påvist på Hanekamstølen, og truleg har dei vore nytta i samband med beitebruk i gamal tid. Dette understrekar at Vøvringedalen har vore ein viktig beitedal i sær lang tid.



*Oversynsbilete av området sett frå nord. To av tuftene er lett synlege på haugen midt i biletet.
Foto: N. Kvamme*



*Detalj frå ein av tuftene.
Foto: N. Kvamme*

*Ei av tuftene har høvesvis
synlege veggvollar.
Foto: N. Kvamme*



*Minst ei tuft ligg nærare vatnet og er
særs vanskjeleg å sjå.
Foto: N. Kvamme*

55. Åsedalen.

Åsedalen ligg på 860 m o.h. omlag 500 m nordaust for Hallsetvatnet. Dette var sommarstølen for Åsegardane i Arnafjord. Stølsdrifta tok slutt i 1972. Selbøen ligg fram på kanten av ei vid flate som går tvers over dalen. Den er vestvendt, utgjør 12,3 daa og er avgrensa av myr, blåbærlyng og brattheng. Det ligg 3 bygningar, 5 ruinar og tre tufter på selbøen.



*Åsedalen fotografert i 1975.
Fotokjelde: Hordaland fylkeskommune.*



*Same utsyn i 2009.
Foto: S. Eiter, Skog og landskap.*

GPS basert kartutsnitt over selbøen.



Vegetasjon.

Selbøen er graskledd og dei vanlegaste grasartane er gulaks, engkvein, finnskjegg, sølvbunke og fjelltimotei. Av andre artar kan nemnast engsyre, ryllik, setergråurt,



engsoleie, svever, hestespreng og fjellmarikåpe. I fuktige parti veks m.a. seterstorr, trådsiv, myrfiol og duskull. I kantane, særleg på nedsida, har blåbærlyng og lågvaksen einar byrja å etablere seg inne på bøen.

*Åsedalen ligg i et storslagent landskap som er prega av beite over lang tid.
Foto: M. Kvamme*

Tilstand og endringsprosessar.

Det går framleis kyr og sau på beite ved Åsedalen. Selbøen er difor i rimeleg god hevd. Men beitetrykket i dag er ikkje høgt nok til å halda heile den store bøen vedlike. Sølvbunke er difor i ferd med å taka over på delar av bøen med tydeleg tuedanning. Likeeins er det tendensar til etablering av blåbærlyng og einer nokre stader langs kanten. I fjellsia over stølen er einskildtre av bjørk i ferd med å veksa opp, dette er eit anna døme på korleis den reduserte beitinga på sikt vil få innverknad på landskapet. Det meste av bøen er likevel godt beita, og til dels held beitedyra sølvbunken nede.

*Det meste av selbøen er
enno godt beita.
Foto: M. Kvamme*



*På delar av selbøen er
tuedannande sølvbunke i
ferd med å taka over.
Foto: M. Kvamme*

Verdivurdering.

Dette er ein stor og variert høgfellstøl som framstår med mange autentiske trekk. Den utgjer eit særmerkt landskapselement og har høg opplevingsverdi. Området rundt Hallsetvatnet framstår som eit heilskapleg

beitelandskap i høgfjellet av stor fagleg verdi. Skilnaden til Vøvringdalen, kor det ikkje lenger går nemnande dyr, er slåande. Mange fotturistar har glede av det velhaldne beitelandskapet kvart år, ettersom fleire DNT-ruter møtest i området og Åsedalen turisthytte ligg ved stølen.

Framleg til tiltak.

Det er turvande med eit høgare beitetrykk på stølen for å halda heile selbøen i hevd. Det er lagt ut saltstein i området, men den ligg langt unna selbøen. Det kan hjelpa å flytta den inn på ein sentral stad på bøen. Men det vil nok vera trong for å få fleire dyr inn i området. Bruk av hest vil særleg vera effektivt på sølvbunken. Årleg slått av partia med mest sølvbunke vil vera eit alternativ til fleire beitedyr når det gjeld skjøtsel av sjølve selbøen, men det vil ikkje ha samme effekt på resten av landskapet.



*Støsliv Åsedalen mellom 1930 og 1940.
Fotokjelde: Fylkesarkivet, Sogn og Fjordane.*




*Utsyn mot Åsedalen og
Hallsetvatnet i 1948.
Fotokjelde: Fylkesarkivet,
Sogn og Fjordane*

Åsedalen - bygninger

Det ble registrert tre bygninger, en tuft og fire ruiner. Alle bygningene er godt synlige. Av disse er to sel og ett fjøs. Ett av selene er mye vedlikeholdt i senere tid, konstruksjon ukjent, kledd med liggende panel og metallplater på taket. Dette er i god stand. Det andre selet er i originalstand fra tiden med støling, inne og ute. Innsel i laft med liggende kledning, torv på taket, utsel i stavkonstruksjon med bølgeblikk på taket. Siden selet har svakheter på laftekassen er tilstanden tiltakende forfall. Fjøset er av stein med åstak og torv, restaurert i 2007. Den ene ruinen er et fjøs i stein, lengst mot nord. Den andre et fjøs i stein veg i vegg med selet midt på selbøen. Tuften ligger også her, ukjent bygningstype. Den tredje ruinen ligger rett øst for det restaurerte steinfjøset og skal ha vært en bygning for å ha lammene inni når sauene skulle melkes. Den fjerde ruinen er murer gravd inn i bakken som utgjør en kjeller.

Ift. registreringen i 1975 er de to selene reparert og vedlikeholdt, ett steinfjøs er restaurert. Steinfjøset lengst nord har mistet taket og noe av muren og derfor blitt en ruin, og steinfjøset inne på selbøen har også forfalt til en ruin. Tuften er uendret.







56. Åsehidleren

Dette er ein nedlagt vår- og hauststøl for bruka på Åse og Åsberget, fram til 1910 òg for Hallsete. Det har vore minst fire bygningar på stølen. Dei låg alle på rekke innunder ein naturleg hidler i fjellet. I dag står tre av dei att. Stølen ligg 880 moh. og var i bruk fram til 1942. I dag er det berre tilfeldig sauebeite her. Berggrunnen er fyllitt.



Selbøen framfor husa skrår bratt nedover før han flatar ut. Denne bakken ligg i dråpefallet frå det overhengande berget. Det ligg og ein mindre selbø omlag 100m lenger sør. Her er det ikkje spor etter hus. Bøen er hovudsakleg vend mot VNV og har eit areal på 1,6 daa.

Stølen sett frå nedre del av selbøen i nordvest.

Foto: M. Kvamme

GPS basert kartutsnitt over selbøen.

Vegetasjon.

Bakken framom husrekkja er fullstendig dominert av brennesle. På dei sentrale partia veks han så tett at det ikkje er rom for andre planter å klara seg. Der brennesla ikkje er heilt dominerande, er bakken under dråpefallet og prega av eit mangfald av artar, med fjellmarikåpe, engsyre, skogstorkenebb og engsolei som dei viktigaste. Langs kanten, og særleg på nedsida, veks eit belte med fjellburkne. Dei flatare delene av selbøen er graskledde, med tuedannande sølvbunke og engsyre som dei viktigaste artane. Selbøen er i nedkant og på sidene avgrensa av storrdominerte myrparti.

Tilstand og endringsprosessar.

Stølen ber preg av å verta lite beita. I dei fuktige partia er vierkratt i ferd med å ta fullstendig overhand, og i områda kring stølen er det mykje oppslag av bjørk. Det mest iaugefallande trekket ved selbøen er likevel den massive førekomsten av brennesle. Så lenge stølen var i drift fekk nok ikkje denne høve til å utvikla seg. På område med høgt næringsinnhald (særleg nitrogen) og lita eller inkje drift, er mellombels oppslag av brennesle heilt normalt. Ut frå gamle bilete kan det sjå ut til at førekomsten av brennesle her har halde seg i over 60 år. S/hv biletet er teke frå Bygdebok for Vik som vart prenta i 1950, og alt då er det tydeleg at brennesla dominerte selbøen på same måte som i dag. Truleg har dette samanheng både med berggrunnstilhøva og med plasseringa i dråpefallet under hidlaren, der brennesle ofte kan halda seg mykje lenger enn i ope lende.



Dråpefallsvegetasjon med brennesle, engsyre, fjellmarikåpe, skogstorkenebb og fjellburkne.

Foto: M. Kvamme



Selbøen i sør er noko beita, men ikkje nok til å halda den i hevd.

Foto: M. Kvamme

*Bilete frå slutten av 1940-åra.
Selbøen var alt då prega av
brennesle.
Fotokjelde: Bygdebok for Vik i
Sogn.*



Under:

Om lag same utsyn i dag.

Foto: N. Kvamme



Verdivurdering.

Kulturlandskapet på Åsehidleren ber i dag preg av forfall og attgroing. Vegetasjonen seier lite om korleis landskapet såg ut den gang det var aktiv drift her. Stølen har likevel eit særpreg som er verdfullt. Det er ikkje vanleg å finna ståande bygningar som ligg slik til som på Åsehidleren. I dei seinare åra er to av dei òg vøla m.a. med nytt tak. Opplevingsverdien til stølen aukar når bygningane vert haldne vedlike på tradisjonelt vis.

Framlegg til tiltak.

Det vil vera arbeidskrevjande å få fram att stølslandskapet ved Åsehidleren. Beitinga må auka monaleg, men i tillegg lyt buskar og kratt ryddast og fjernast. Størst utfordring er knytt til brennesla. Den må slåast helst to gongar kvar sumar, og bladverket fjernast. Kombinert med høgt beitetrykk vil det då vera mogeleg å få fram att ein grasbakke etter nokre år. Tilkomsten til Åsehidleren er krokut, overgrodd og ikkje lett å finna, og det kan neppe vera mange som kjem her kvart år. Det er difor vanskeleg å tilrå tiltak på stølen utan at stien vert kraftig utbeta.

Åsehidleren - bygningar

Det ble registrert tre bygninger, derav to sel og et fjøs. I tillegg en ruin. Alle bygningene har laftekonstruksjon. Ett sel har i tillegg et åpent utsel i enkel stavkonstruksjon. Fjøset er laftet i grovt tilhuggne stokker og mangler tak, sterkt forfall. Alle vegger er både ukledde og umalte. Selene har takkledning av hhv. metallplater og tjærepapp. Disse to bygningene ser ut til å være i begynnelsen av forfall men har fått nytt tak på slutten av 1990-tallet. Bygningenes plassering under denne store helleren verner dem for vær og vind og gjør at de står fortsatt.



Litteratur:

- Brekke, N.G. (red.) 1979: *Stølar i Stølsheimen*. - Fylkeskonservatoren i Hordaland, Bergen.
- Engan, L. R. 2004: *Stølar i Vik*. - Skald forlag.
- Gald, R. 2009: *Stølar og stølsdrift. I fortid og framtid i Hordaland og Sogn og Fjordane*.
- FM Hordaland, FM Sogn og Fjordane, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Gjerdåker, J. 2001: *Stølar i Vossafjell*. - Voss bygdeboknemnd.
- Hoprekstad, O. (red.) 1951-1958: *Bygdabok for Vik i Sogn. I-III*. - Nemndi for Bygdaboki.
- Norderhaug, A. (red.) 1999: *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*.
- Landbruksforlaget.
- Reinton, L. 1955-1961: *Sæterbruket i Noreg. I-III*.
- Institutt for sammenliknende kulturforskning, Oslo.
- Thompson, D. B. A., Price, M.F. and Galbraith, C.A. 2005: *Mountains of Northern Europe. Conservation, Management, People and Nature*. - Scottish Natural Heritage.
- Aastorp, S.M. og Skarpen, A.M. 1989: *Stølsheimen. Et kulturlandskap i endring*.
- Upubl. kandidatoppgave ved Sogn og Fjordane distriktshøgskule.



**FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE**

Rapport nr. 4-2011

ISBN 978-82-92777-24-4

ISSN 0803-1886